Voss herad

# Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utval** | Heradsstyret |
| **Møtestad** | Heradsstyresalen |
| **Dato** | 26.03.2026 |
| **Tidspunkt** | kl 15:00 - 20:50 |

| Frammøtte | Parti |
|---|---|
| Asgeir Løno | Ap |
| Benedicte Kragh | Ap |
| Hilde Marie Magnusson | Ap |
| Marit Wæhle | Ap |
| Stein Helge Mandelid | Ap |
| Tommy Mo Aarethun | Ap |
| Knut Ståle Kvissel | Frp |
| Stig Frode Solveit Støle | Frp |
| Erik Flage | H |
| Iril Kirstine Schau Johansen | H |
| Katrine Matthiessen | H |
| Lars Tore Rogne | H |
| Svein Erik Burud | H |
| Sveinung Riber | H |
| Kenneth Myhre | INP |
| Knut Opheim | INP |
| Lars Gunnar Øye | INP |
| Terje Eide | INP |
| Øystein Måkestad | Krf |
| Trygve Lyshagen Tømmerås | Mdg |
| Bridget Penny | R |
| Helena Elvatun | Sp |
| Kari Nestaas Ruud | Sp |
| Samson Hamre | Sp |
| Sigurd Tyssen | Sp |
| Siri Stuve Elvatun | Sp |
| Sturla Hommedal | Sp |
| Tonje Ljones Såkvitne | Sp |
| Dag Sandvik | Sv |
| Gry Bystøl Gladheim | Sv |
| Håvard Skattum | Sv |
| Margrethe Alm | Sv |
| Marit Tveito Askeland | Sv |
| Anna Lussand Selheim | UAV |
| Endre Evensen | UAV |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hilde Lussand Selheim | UAV | | |
| Norunn Renate Bidne | UAV | | |

| **Forfall** | **Parti** | **Varamedlem** | **Parti** |
|---|---|---|---|
| Anders Gjeraker | Ap | Karl Atle Knapskog | Ap |
| May Røssland | Ap | Kyrre Sudmann Mandelid | Ap |
| Christina Løno | H | Åshild Søvik Underdal | H |
| Daniel Lund Imani | H | Oddbjørn Bratthole | H |
| David Inge Tveito | H | Kariann Slettemark | H |
| Elin Seim | V | Astrid Rongen | V |

| **Andre som møtte** | **Stilling** |
|---|---|
| Elin Klette | Politisk sekretær |
| Hans-Erik Ringkjøb | Kommunalsjef tekniske tenester |
| Ingeborg Hellesnes Uppheim | Kommunalsjef |
| Liv Myklebust | Stabssjef Strategi og styring |
| Magnar Helland | Skulesjef |
| Malin Hvidsten Straume | |
| Mette Matthiessen | Stabssjef HR og innovasjon |
| Perline Dugstad Vivås | Politisk sekretær |
| Sondre Gjøstein | Leiar Drift |
| Styrkaar Ringheim - Hustveit | |
| Tor Helmer Halvorsen | Stabssjef Innbyggjarservice |
| Trude Letnes | Kommunalsjef kultur og fritid |

Protokollførar:
Elin Klette

| Inhabil | Sak | Varamedlem | Merknad |
|---|---|---|---|
| Dag Sandvik | 16/26 | Hilde Skorve, Sv | |
| Iril Kirstine Schau Johansen | 16/26 | Olav Farestveit, H | |
| Sigurd Tyssen | 18/26 | Morten Gunnar Samskott, Sp | |
| Knut Ståle Kvissel | 18/26 | Jan Erik Thon, Frp | |
| Siri Stuve Elvatun | 18/26 | John Almeland, Sp | |
| Svein Erik Burud | 18/26 | Olav Farestveit, H | |
| Trygve Lyshagen Tømmerås | 18/26 | , | |
| Astrid Rongen | 18/26 | , | |
| Margrethe Alm | 26/26 | Hilde Skorve, Sv | |
| Iril Kirstine Schau Johansen | 20/26 | Olav Farestveit, H | |

**Møtenotat**

Helena Elvatun, Sp, permisjon til kl 16.12 til sak 18/26. Morten Gunnar Samskott vara i sak 14 - 16/26

Norunn R Bidne, Uav, permisjon frå kl 17.45 før avrøysting i sak 19/26 - Anne Cathrine Bakk tok sete frå sak 19/26

Karl Knapskog, Ap, ute frå kl 20.13 - 20.16, ikkje tilstades under røysting av habilitet i sak IP 03/26.

Informasjon frå ordførar:
- Kulturkonferanse i morgon, ledige billettar
- Temadag 16. april, ordførar oppmodar heradsstyret om å sjå opptak frå finansråd 18. og 19. mars.
PwC presenterer sin rapport, det skal ikkje gjerast vedtak.

Tonje Ljones Såkvitne
Ordførar

# Sakliste

| Sak nr | Sakstittel |
|---|---|
| IM-02/26 | Informasjon til møte i Heradsstyret 26. mars 2026 |
| PS-14/26 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste |
| PS-15/26 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS-16/26 | Oreigning idrettsareal og vegtilkomst i Bømoen |
| PS-18/26 | Omklassifisering av kommunal veg til privat veg |
| PS-17/26 | Rehabilitering av Gamlekinoen - endeleg vedtak |
| PS-19/26 | Forvaltningsrevisjonsrapport frå Kontrollutvalet, om økonomistyring i Voss herad |
| PS-26/26 | Høyringsinnspel til forskrift om overnattingsavgift |
| PS-20/26 | Høyringssvar frå Voss herad, berekraftig kommunesektor (NOU 2026:1), kommunekommisjon |
| PS-21/26 | Temaplan for beitebruk i Voss herad 2026 - 2038 - endeleg handsaming |
| PS-22/26 | Detaljreguleringsplan for fv 5402 Ringheimsvegen, planid 2023004 - godkjenning av plan |
| PS-23/26 | Kvalitetsmelding for Vossaskulen skuleåret 2024/2025 |
| PS-24/26 | Lærlingstrategi |
| PS-25/26 | Ny forskrift om gebyr for brannførebygging - Voss herad - Vestland |
| PS-27/26 | Supplering til vedteken møteplan 2026 - rådsmøte i møtebolk september 2026 |
| PS-28/26 | Suppleringsval - vararepresentant til Interkommunalt arkiv i Hordaland |
| PS-29/26 | Samlesak for referatsaker |
| PS-30/26 | Ymse |
| IP-02/26 | Interpellasjon frå Håvard Skattum, Sv - behalde våre studentar som innbyggjarar i Voss herad |
| IP-03/26 | Interpellasjon frå Håvard Skattum, Sv - utgreiing av mulig auka politisk handsaming av søknadar om landbruksvegar |
| IP-04/26 | Interpellasjon frå Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg - retningslinjer for bierverv i leiande og særleg uavhengige stillingar i Voss herad |
| IP-05/26 | Interpellasjon frå Iril S. Johansen og Kariann Slettemark, H - Vern av jordbruksareal, sjølvforsyning og nasjonal beredskap |
| IP-06/26 | Interpellasjon frå Sv og Ap v/Gry Bystøl Gladheim - Barnehagesymjing |
| GS-05/26 | Grunngjeve spørsmål frå Kariann Slettemark og Lars Tore Rogne, H, - Manglande moglegheit for bagasje og ski på rutebussar og skulebussar – konsekvensar for bruk og miljø |

## 02/26 Informasjon til møte i Heradsstyret 26. mars 2026

**Informasjon og agenda:**
Kallar med dette inn til møte i Heradsstyret 26. mars 2026 kl. 14.00 i heradsstyresalen på Tinghuset.

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melda i møteportalen.

Kommune-TV
Møtet vert vist på Kommune-tv. Tilhøyrarar kan følgja sendinga https://voss.kommunetv.no/.

**Agenda:**

| Tema | Ansvarleg | Tid |
|---|---|---|
| Kulturskulen | Oddvar | 14.00 - 14.10 |
| Møtet er sett | Ordførar | 14.10 - 14.20 |
| Sakshandsaming inkl pausar | Ordførar | 14.20 - 17.50 |
| Grunngjevne spm og interpellasjonar | Ordførar | 17.50 - 18.35 |
| Generelll informasjon frå rådmann og ordførar | Rådmann og ordførar | 18.35 - 18.45 |

**Voss 13. mars 2026**

Tonje Ljones Såkvitne
Ordførar

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

**HST - 02/26 Vedtak**

## 14/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Innkalling samrøystes vedteken.

Ordførar bad om å få flytta sak 18/26 Omklassifisering av veg til etter sak 16/26 Oreigning Bømoen og sak 26/26 til etter sak 19/26 av omsyn til vara i sakene. Saklista samrøystes vedteken.

**HST - 14/26 Vedtak**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent med endringar i saksrekkefylgje.

## 15/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Samrøystes vedteken.

**HST - 15/26 Vedtak**

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

## 16/26 Oreigning idrettsareal og vegtilkomst i Bømoen

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
*1. Voss heradsstyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 16-2 å oreigna den delen av for Bømoen, plan id 2023003, er regulert til arealformålet idrettsanlegg, felt IDR.*

*2. Med heimel i plan- og bygningslova § 16-2 vedtek Voss heradsstyre vidare å oreigna den delen av gnr 92 bnr 5 festenummer 6, 2 og 1, alle i Voss herad, som i områdereguleringsplan for Bømoen, plan id 2023003, er regulert til arealformålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, køyreveg KV.*

*3. Voss herad søkjer Statsforvaltaren i Vestland om løyve til førehandstiltreding av areala som vert oreigna, jf. oreigningslova § 25 fyrste avsnitt.*

*4. Rådmannen får myndigheit til å krevje og gjennomføre skjønn for fastsetjing av ekspropriasjons-erstatninga.*

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 19.03.2026 - 11/26**

1. Voss heradstyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovas § 16-2 å oreigna den delen av gnr 92 bnr 5 og gnr 92 bnr 5 festenummer 6, 8, 9 og 11, alle i Voss herad, som i

områdereguleringsplan for Bømoen, plan id 2023003, er regulert til arealformålet idrettsanlegg, felt IDR.
*2. Med heimel i plan- og bygningslova § 16-2 vedtek Voss heradsstyre vidare å oreigna den delen av gnr 92 bnr 5 festenummer 6, 2 og 1, alle i Voss herad, som i områdereguleringsplan for Bømoen, plan id 2023003, er regulert til arealformålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, køyreveg KV.*

*3. Voss herad søkjer Statsforvaltaren i Vestland om løyve til førehandstiltreding av areala som vert oreigna, jf. oreigningslova § 25 fyrste avsnitt.*

*4. Rådmannen får myndigheit til å krevje og gjennomføre skjønn for fastsetjing av ekspropriasjons-erstatninga.*

Saksordførar: Benedicte Kragh

| Inhabile | Varamedlem | Merknad |
|---|---|---|
| Dag Sandvik | Hilde Skorve | |
| Iril Kirstine Schau Johansen | Olav Farestveit | |

**Formannskapet, Plan og økonomi 19.03.2026**

**Handsaming**

Alternativ framlegg v/ Voss Høgre: , foreslått av Daniel Lund Imani, Høgre

Rådmann og ordførar får mandat til å arbeide vidare med ein minneleg avtale mellom grunneigar og Voss herad. Ein ferdig utarbeida avtale skal leggjast fram for formannskapet når denne er på plass.

Dag Sandvik, Sv, spm om habilitet som styreleiar for Ekstremsportveko. Han har tidlegare vore vurdert ugild, samrøystes vedteke ugild i denne handsaminga òg. Margrethe Alm, Sv, tok sete som vara.

Formannskap, plan og økonomi røysta over endringsframlegg frå H v/Daniel Lund Imani, opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 5 røyster mot 4 røyster (Samson Hamre, Sp, Sveinung Riber, Daniel Lund Imani, H, Lars Gunnar Øye, Inp).

**FPL - 11/26 Vedtak**

1. Voss heradstyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovas § 16-2 å oreigna den delen av gnr 92 bnr 5 og gnr 92 bnr 5 festenummer 6, 8, 9 og 11, alle i Voss herad, som i

områdereguleringsplan for Bømoen, plan id 2023003, er regulert til arealformålet idrettsanlegg, felt IDR.

*2. Med heimel i plan- og bygningslova § 16-2 vedtek Voss heradsstyre vidare å oreigna den delen av gnr 92 bnr 5 festenummer 6, 2 og 1, alle i Voss herad, som i områdereguleringsplan for Bømoen, plan id 2023003, er regulert til arealformålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, køyreveg KV.*

*3. Voss herad søkjer Statsforvaltaren i Vestland om løyve til førehandstiltreding av areala som vert oreigna, jf. oreigningslova § 25 fyrste avsnitt.*

*4. Rådmannen får myndigheit til å krevje og gjennomføre skjønn for fastsetjing av ekspropriasjons-erstatninga.*

Saksordførar: Benedicte Kragh

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Forslag frå INP, H og KRF, foreslått av Terje Eide, Industri- og Næringspartiet

Heradstyret vedtek å godkjenna det justerte framlegget til minneleg avtale mellom Voss Herad og Bømoen AS, som vart framlagd i heradstyremøte 5 februar 2026.

Utsetjing, foreslått av Erik Flage, Høgre

Me ber om usetjing av saka på grunn av mangelfull økonomisk saksutgreiing.

Iril S. Johansen, H, og Dag Sandvik, SV, har vore vurderte ugilde i sakshandsaminga i tidlegare møte, jf fvl § 6 andre ledd og fvl § 6-e. Heradsstyret røysta over deira gildskap og Iril S. Johansen og Dag Sandvik vart samrøystes funne ugilde. Representantane trer i frå og Olav Farestveit, H, og Hilde Skorve, Sv, tok sete som vara.

Gruppemøte før debatt i saka, 10 min (til 15.40)

Heradsstyret røysta over framlegg til utsetjing frå Høgre, INP, Krf v/Erik Flage, H, framlegget fall med 29 røyster mot 14 røyster (Sveinung Riber, Olav Farestveit, Åshild S. Underdal, Erik Flage, Katrine Matthiessen, Oddbjørn Bratthole, Svein Erik Burud, Kariann Slettemark, Lars Tore Rogne, H, Øystein Måkestad, Krf, Lars Gunnar Øye, Terje Eide, Knut Opheim, Kenneth Myhre, Inp).

Heradsstyret røysta over alternativt framlegg til vedtak frå Terje Eide, Inp, Heradsstyret vedtek å ikkje oreigna arealet og ynskjer å få framlagt sak om minneleg avtale på nytt, framlegget fall med 23 røyster mot 20 røyster (Sveinung Riber, Olav Farestveit, Åshild S. Underdal, Erik Flage, Katrine Matthiessen, Oddbjørn Bratthole, Svein Erik Burud, Kariann Slettemark, Lars Tore Rogne, H, Øystein Måkestad, Krf, Lars Gunnar Øye, Terje Eide, Knut Opheim, Kenneth Myhre, Inp, Samson Hamre, Siri Stuve Elvatun, Sturla Hommedal, Morten Gunnar Samskott, Kari Nestaas Ruud, Sigurd Tyssen, Sp)

Heradsstyret røysta over innstilling frå formannskap, plan og økonmi, vedteke med 23 røyster mot 20 røyster (Sveinung Riber, Olav Farestveit, Åshild S. Underdal, Erik Flage, Katrine Matthiessen, Oddbjørn Bratthole, Svein Erik Burud, Kariann Slettemark, Lars Tore Rogne, H, Øystein Måkestad, Krf, Lars Gunnar Øye, Terje Eide, Knut Opheim, Kenneth Myhre, Inp, Samson Hamre, Siri Stuve Elvatun, Sturla Hommedal, Morten Gunnar Samskott, Kari Nestaas Ruud, Sigurd Tyssen, Sp)

**HST - 16/26 Vedtak**

1. Voss heradstyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovas § 16-2 å oreigna den delen av gnr 92 bnr 5 og gnr 92 bnr 5 festenummer 6, 8, 9 og 11, alle i Voss herad, som i områdereguleringsplan for Bømoen, plan id 2023003, er regulert til arealformålet idrettsanlegg, felt IDR.

*2. Med heimel i plan- og bygningslova § 16-2 vedtek Voss heradsstyre vidare å oreigna den delen av gnr 92 bnr 5 festenummer 6, 2 og 1, alle i Voss herad, som i områdereguleringsplan for Bømoen, plan id 2023003, er regulert til arealformålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, køyreveg KV.*

*3. Voss herad søkjer Statsforvaltaren i Vestland om løyve til førehandstiltreding av areala som vert oreigna, jf. oreigningslova § 25 fyrste avsnitt.*

*4. Rådmannen får myndigheit til å krevje og gjennomføre skjønn for fastsetjing av ekspropriasjons-erstatninga.*

## 18/26 Omklassifisering av kommunal veg til privat veg

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
1. I medhald av veglova § 7 tredje ledd, jf. § 8 andre ledd, vedtek Voss herad å omklassifisere følgjande kommunale vegar frå 01.04.2026:

| | |
|---|---|
| *Skaftedalsvegen | Rasdalsvegen (Liten snutt) |
| Skjervsvegen (v/ gnr589 bnr.1) | Huldahaugen |
| Nesheimsvegen | Nedre Kløve |
| Dalevegen (Espelandsvegen) | Skulegata |
| Hause vegen | Bonangergata aust |
| Hausnesvegen | Brekkevegen |
| Smidjevegen i Folkedal | **Eskelandsvegen forbi folkehøgskulen |
| Del av Folkedalsvegen | Gamle Dyrvedalsvegen |
| Gamle Kvanndalsvegen | Geitlevegen |
| Tjoflotvegen ned mot kai. | Øvstedalsvegen |
| Veg i hyttefelt Djønno | Kolle |
| Taskjelle | Sideveg Steinsvegen |
| Medås | Bidnesvegen til Bidneshovden |
| *Langedalsvegen | ***Gamle Bordalsvegen |

***Merknad***
**Alternativ tilråing: Rådmannen rår til at vegen ikkje vert omklassifisert. Gjeld Skaftedalsvegen og Langedalsvegen.*
***Alternativ tilråing: Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert til gangveg. Gjeld Eskelandsvegen.*
**** Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert til gangveg. Gjeld Gamle bordalsvegen.*

Omklassifisering av vegane vil gje ein forventa innsparing på **712 990 kr.**

2. Rådmannen held fram arbeidet med omklassifisering av kommunale vegar for å oppnå innsparingsmålet på 1,5 mill. kroner.

3. Voss herad vedtek at vegane lista opp nedanfor, som er søkt frå privat veg til kommunal veg, jf. sak 24/10014, held fram som private vegar.

| |
|---|
| Kalandsvegen |
| Tyssevegen |
| Hyljaråsvegen |
| Bulkovegen |

4. Omklassifiserte vegar skal vere opne for naudsynt ferdsel, mellom anna for utrykkingskøyretøy, post- og renovasjonstenester, heimesjukeleie og skuleskyss.

5. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre naudsynte administrative og tekniske tiltak knytt til vedtaket.

**Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 17.03.2026 - 13/26**
1. I medhald av veglova § 7 tredje ledd, jf. § 8 andre ledd, vedtek Voss herad å omklassifisere følgjande kommunale vegar frå 01.04.2026:

| | |
|---|---|
| *Skaftedalsvegen | Rasdalsvegen (Liten snutt) |
| Skjervsvegen (v/ gnr589 bnr.1) | Huldahaugen |
| Nesheimsvegen | Nedre Kløve |
| Dalevegen (Espelandsvegen) | Skulegata |
| Hause vegen | Bonangergata aust |
| Hausnesvegen | Brekkevegen |
| Smidjevegen i Folkedal | **Eskelandsvegen forbi folkehøgskulen |
| Del av Folkedalsvegen | Gamle Dyrvedalsvegen |
| Gamle Kvanndalsvegen | Geitlevegen |
| Tjoflotvegen ned mot kai. | Øvstedalsvegen |
| Veg i hyttefelt Djønno | Kolle |
| Taskjelle | Sideveg Steinsvegen |
| Medås | Bidnesvegen til Bidneshovden |
| *Langedalsvegen | ***Gamle Bordalsvegen |

***Merknad***
**Alternativ tilråing: Rådmannen rår til at vegen ikkje vert omklassifisert. Gjeld Skaftedalsvegen og Langedalsvegen.*
***Alternativ tilråing: Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert til gangveg. Gjeld Eskelandsvegen.*
**** Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert til gangveg. Gjeld Gamle bordalsvegen.*

Omklassifisering av vegane vil gje ein forventa innsparing på **712 990 kr.**

2. Rådmannen held fram arbeidet med omklassifisering av kommunale vegar for å oppnå innsparingsmålet på 1,5 mill. kroner.

3. Voss herad vedtek at vegane lista opp nedanfor, som er søkt frå privat veg til kommunal veg, jf. sak 24/10014, held fram som private vegar.

| |
|---|
| Kalandsvegen |
| Tyssevegen |
| Hyljaråsvegen |
| Bulkovegen |

4. Omklassifiserte vegar skal vere opne for naudsynt ferdsel, mellom anna for utrykkingskøyretøy, post- og renovasjonstenester, heimesjukeleie og skuleskyss.

5. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre naudsynte administrative og tekniske tiltak knytt til vedtaket.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 19.03.2026 - 15/26**

Saka vert utsett til nye kriterier er gjennomarbeida og vedtekne.
Når eit kriterium er gjeldande kan ikkje andre kriterium nyttast til privatisering.
Nye kriterium til drøfting:
1. Vegar med heilårs fastbuande kan ikkje privatiserast. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad
2. Vegar med låg trafikkbelastning (t.d. stikkvegar)kan
privatiserast
3. Vegar som er nytta til fritidsføremål /almennyttige interesser (td. tur/friluftsområde,hyttefelt) kan privatiserast dersom dette er einaste føremålet til vegen. Alternativt kan vegen ha bompengar eller parkeringsavgift i kommunal regi. Dersom det er kombinerte føremål skal ikkje fastbuande ha avgift.

4. Bakgardar/gatetun/blindveg kan privatiserast.
5. Vegar til landbruksnæring og gardsbruk i drift kan ikkje privatiserast.

Saksordførar Samson Hamre

| Inhabile | Varamedlem | Merknad |
|---|---|---|
| Sigurd Tyssen | Morten Gunnar Samskott | |
| Knut Ståle Kvissel | Jan Erik Thon | |
| Siri Stuve Elvatun | John Almeland | |
| Svein Erik Burud | Olav Farestveit | |
| Trygve Lyshagen Tømmerås | | |
| Astrid Rongen | | |

**Utval for kultur og næring 17.03.2026**

**Handsaming**

Forslag frå INP, foreslått av Terje Eide, Industri- og Næringspartiet

Gamle Bordalsvegen og Eskelandsvegen forbi Folkehøgskulen vert omklassifisert til gangveg

Skjervsvn, Smidjevn. Folkedal, deler av Folkedalsvn.,Tjoflotvn., hyttefelt Djønne, Taskjelle, Rasdalsvn. liten snutt, Skulegata, Bonangergt. aust, Geitlevn. Øvstedalsvn., Kolle, sideveg av Steinsdalsvn. og Elvagata vert omklassifisert frå kommunal til privat veg.

Resten held fram med å vera kommunale vegar.

Terje Eide (INP) sitt framlegg og rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot kvarandre.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 6 stemmer mot 3 stemmer (Terje Eide, INP, Katrine Matthiessen, H og Øystein Måkestad, KRF.

**UKN - 13/26 Vedtak**

1. I medhald av veglova § 7 tredje ledd, jf. § 8 andre ledd, vedtek Voss herad å omklassifisere følgjande kommunale vegar frå 01.04.2026:

| | |
|---|---|
| *Skaftedalsvegen | Rasdalsvegen (Liten snutt) |
| Skjervsvegen (v/ gnr589 bnr.1) | Huldahaugen |
| Nesheimsvegen | Nedre Kløve |
| Dalevegen (Espelandsvegen) | Skulegata |
| Hause vegen | Bonangergata aust |
| Hausnesvegen | Brekkevegen |
| Smidjevegen i Folkedal | **Eskelandsvegen forbi folkehøgskulen |
| Del av Folkedalsvegen | Gamle Dyrvedalsvegen |
| Gamle Kvanndalsvegen | Geitlevegen |
| Tjoflotvegen ned mot kai. | Øvstedalsvegen |
| Veg i hyttefelt Djønno | Kolle |
| Taskjelle | Sideveg Steinsvegen |
| Medås | Bidnesvegen til Bidneshovden |
| *Langedalsvegen | ***Gamle Bordalsvegen |

***Merknad***
**Alternativ tilråing: Rådmannen rår til at vegen ikkje vert omklassifisert. Gjeld Skaftedalsvegen og Langedalsvegen.*
***Alternativ tilråing: Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert til gangveg. Gjeld Eskelandsvegen.*
**** Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert til gangveg. Gjeld Gamle bordalsvegen.*

Omklassifisering av vegane vil gje ein forventa innsparing på **712 990 kr.**

2. Rådmannen held fram arbeidet med omklassifisering av kommunale vegar for å oppnå innsparingsmålet på 1,5 mill. kroner.

3. Voss herad vedtek at vegane lista opp nedanfor, som er søkt frå privat veg til kommunal veg, jf. sak 24/10014, held fram som private vegar.

| |
|---|
| Kalandsvegen |
| Tyssevegen |
| Hyljaråsvegen |
| Bulkovegen |

4. Omklassifiserte vegar skal vere opne for naudsynt ferdsel, mellom anna for utrykkingskøyretøy, post- og renovasjonstenester, heimesjukeleie og skuleskyss.

5. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre naudsynte administrative og tekniske tiltak knytt til vedtaket.

**Formannskapet, Plan og økonomi 19.03.2026**

**Handsaming**

SP  Alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Samson Hamre, Senterpartiet

Alternativt vedtak:

Saka vert utsett til nye kriterier er gjennomarbeida og vedtekne.

Når eit kriterium er gjeldande kan ikkje andre kriterium nyttast til privatisering.

Nye kriterium til drøfting:

1. Vegar med heilårs fastbuande kan ikkje privatiserast. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad

2. Vegar med låg trafikkbelastning (t.d. stikkvegar)kan
privatiserast

3. Vegar som er nytta til fritidsføremål /almennyttige interesser (td. tur/friluftsområde,hyttefelt) kan privatiserast dersom dette er einaste føremålet til vegen. Alternativt kan vegen ha bompengar eller parkeringsavgift i kommunal regi. Dersom det er kombinerte føremål skal ikkje fastbuande ha avgift.

4. Bakgardar/gatetun/blindveg kan privatiserast.

5. Vegar til landbruksnæring og gardsbruk i drift kan ikkje privatiserast.

Formannskap, plan og økonomi røysta over framlegg til utsetjing av saka frå Samson Hamre, Sp, framlegget vart vedteke med 6 røyster mot 3 røyster (Dag Sandvik, Sv, Benedicte Kragh, Tommy Mo Aarethun, Ap).

**FPL - 15/26 Vedtak**

Saka vert utsett til nye kriterier er gjennomarbeida og vedtekne.

Når eit kriterium er gjeldande kan ikkje andre kriterium nyttast til privatisering.

Nye kriterium til drøfting:

1. Vegar med heilårs fastbuande kan ikkje privatiserast. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad

2. Vegar med låg trafikkbelastning (t.d. stikkvegar)kan
privatiserast

3. Vegar som er nytta til fritidsføremål /almennyttige interesser (td. tur/friluftsområde,hyttefelt) kan privatiserast dersom dette er einaste føremålet til vegen. Alternativt kan vegen ha bompengar eller parkeringsavgift i kommunal regi. Dersom det er kombinerte føremål skal ikkje fastbuande ha avgift.

4. Bakgardar/gatetun/blindveg kan privatiserast.

5. Vegar til landbruksnæring og gardsbruk i drift kan ikkje privatiserast.

Saksordførar Samson Hamre

**Handsaming**

Samson Hamre sp, foreslått av Samson Hamre, Senterpartiet

Nytt framlegg, foreslått av Kari Nestaas Ruud, Senterpartiet

1. I medhald av veglova § 7 tredje ledd, jf. § 8 andre ledd, vedtek Voss herad å omklassifisere følgjande kommunale vegar frå 01.04.2026:

Veg i hyttefelt Djønno

Rasdalsvegen (Liten Snutt)

Skulegata

Bonangergata aust

Øvstedalsvegen

Bidnesvegen til Bidneshovden

Kolle

--

Gamle Bordalsvegen vert omklassifisert til gangveg

Eskelandsvegen forbi folkehøgskulen vert omklassifisert til gangveg

Omklassifisering av vegane vil gje ein forventa innsparing på **146 698 kr.**

2. Rådmannen held fram arbeidet med omklassifisering av kommunale vegar for å oppnå innsparingsmålet på 1,5 mill. kroner. Heradsstyret ber om å få kriteria for omklassifisering opp som ny sak og ber om at fylgjande punkt vert vurdert:

A. Når eit kriterium er gjeldande kan ikkje andre kriterium nyttast til privatisering.

B. Vegar med heilårs fastbuande kan ikkje privatiserast. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad

C. Vegar til landbruksnæring og gardsbruk i drift kan ikkje privatiserast.

D. Vegar til idrettsanlegg som stettar organisert barne- og ungdomsidrett kan ikkje privatiserast.

E. Vegar med låg trafikkbelastning (t.d. stikkvegar)kan privatiserast

F. Vegar som er nytta til fritidsføremål /almennyttige interesser (td. tur/friluftsområde,hyttefelt) kan privatiserast dersom dette er einaste føremålet til vegen. Alternativt kan vegen ha bompengar eller parkeringsavgift i kommunal regi. Dersom det er kombinerte føremål skal ikkje fastbuande ha avgift.

G. Bakgardar/gatetun/blindveg kan privatiserast.

3. Voss herad utset handsaminga av vegane lista opp nedanfor, som er søkt frå privat veg til kommunal veg, jf. sak 24/10014, og ber om at dei vert vurdert opp i mot kriteria for omklassifisering av kommunale vegar.

- Kalandsvegen
- Tyssevegen
- Hyljaråsvegen
- Bulkovegen

4. Omklassifiserte vegar skal vere opne for naudsynt ferdsel, mellom anna for utrykkingskøyretøy, post- og renovasjonstenester, heimesjukeleie og skuleskyss.

5. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre naudsynte administrative og tekniske tiltak knytt til vedtaket.

Sigurd Tyssen, Sp, bad om vurdering av habilitet som grunneigar i vegen til Tyssen som har søkt om å bli kommunal veg jf fvl  6a, Morten Gunnar Samskott tok sete som vara.

Knut Ståle Kvissel, Frp, bad om vurdering av habilitet som sambuar med vegeigar til Skaftedalen, jf fvl  6c, Jan Erik Thon tok sete som vara.

Svein Erik Burud, H, bad om vurdering av habilitet som styreleiar i Voss folkehøgskule, jf fvl 6e, Olav Farestveit tok sete som vara.

Siri Stuve Elvatun, Sp, bad om vurdering av habilitet som leiar i idrettslaget i Granvin som er part i saka, jf fvl 6e, John Almeland tok sete som vara.

Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg, bad om vurdering av habilitet som styremedlem i Voss folkehøgskule, jf fvl §6e, Ikkje vara i saka.

Heradsstyret røysta samla over habiliteten til repr. og fann dei  ugilde. Vara tok sete i saka.

Astrid Rongen, V, bad om vurdering av habilitet som styremedlem i Bolstadøyri grendalag, jf fvl § 6e. Heradstyret røysta over habiliteten til A Rongen og fann samrøystes repr. ugild. Ikkje vara i saka.

Gruppemøte før røysting i saka, 5 min.

Heradsstyret røysta over endringsframlegg frå Kari Nestaas Ruud, Sp,

opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak, Sp sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 24 røyster mot 17 røyster (Benedicte Kragh, Hilde M Magnussen, Stein Helge Mandelid, Tommy Mo Aarethun, Karl Atle Knapstad, Asgeir Løno, Kyrre Sudmann Mandelid, Marit Wæhle, Ap, Hilde Lussand Selheim, Endre Evensen, Anna Lussand Selheim, Uavhengig, Dag Sandvik, Margrethe Alm, Håvard Skattum, Gry Bystøl Gladheim, Marit Tveito Askeland, Sv, Bridget Penny, R). 41 røysteføre .

**HST - 18/26 Vedtak**

1. I medhald av veglova § 7 tredje ledd, jf. § 8 andre ledd, vedtek Voss herad å omklassifisere følgjande kommunale vegar frå 01.04.2026:

Veg i hyttefelt Djønno

Rasdalsvegen (Liten Snutt)

Skulegata

Bonangergata aust

Øvstedalsvegen

Bidnesvegen til Bidneshovden

Kolle

--

Gamle Bordalsvegen vert omklassifisert til gangveg

Eskelandsvegen forbi folkehøgskulen vert omklassifisert til gangveg

Omklassifisering av vegane vil gje ein forventa innsparing på **146 698 kr.**

2. Rådmannen held fram arbeidet med omklassifisering av kommunale vegar for å oppnå innsparingsmålet på 1,5 mill. kroner. Heradsstyret ber om å få kriteria for omklassifisering opp som ny sak og ber om at fylgjande punkt vert vurdert:

A. Når eit kriterium er gjeldande kan ikkje andre kriterium nyttast til privatisering.

B. Vegar med heilårs fastbuande kan ikkje privatiserast. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad

C. Vegar til landbruksnæring og gardsbruk i drift kan ikkje privatiserast.

D. Vegar til idrettsanlegg som stettar organisert barne- og ungdomsidrett kan ikkje privatiserast.

E. Vegar med låg trafikkbelastning (t.d. stikkvegar)kan privatiserast

F. Vegar som er nytta til fritidsføremål /almennyttige interesser (td. tur/friluftsområde,hyttefelt) kan privatiserast dersom dette er einaste føremålet til vegen. Alternativt kan vegen ha bompengar eller parkeringsavgift i kommunal regi. Dersom det er kombinerte føremål skal ikkje fastbuande ha avgift.

G. Bakgardar/gatetun/blindveg kan privatiserast.

3. Voss herad utset handsaminga av vegane lista opp nedanfor, som er søkt frå privat veg til kommunal veg, jf. sak 24/10014, og ber om at dei vert vurdert opp i mot kriteria for omklassifisering av kommunale vegar.

- Kalandsvegen
- Tyssevegen
- Hyljaråsvegen
- Bulkovegen

4. Omklassifiserte vegar skal vere opne for naudsynt ferdsel, mellom anna for utrykkingskøyretøy, post- og renovasjonstenester, heimesjukeleie og skuleskyss.

5. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre naudsynte administrative og tekniske tiltak knytt til vedtaket.

## 17/26 Rehabilitering av Gamlekinoen - endeleg vedtak

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Voss heradsstyre vedtek rehabilitering av Gamlekinoen slik det er skissert i forprosjektet som bygger på Moglegheitsstudien frå 2022, kalkyle frå Bruket arkitektur datert  26.02.2026 inkludert brannsikring. Den samla kostnadsramme er 79 691 375 **kroner inkl meirverdiavgift og brannsikring.** Dette inkluderer også ei ramme for uføresette utgifter på 9 525 375 kroner (25 % bygningsmessige arbeid 5 % sceneteknikk).
2. Voss heradsstyre vedtek finansieringsplanen slik den ligg føre. Eigendel til Voss herad på **21 593 175 kroner** skal finansierast gjennom realisering av varige driftsmidlar og lån. Eventuelle seinare tilskot kjem i fråtrekk.
3. Rådmannen får fullmakt til å lysa ut oppdraget med den skisserte kostnadsramma.
4. Etter val av leverandør og arbeid med finansiering, vil faktisk økonomisk sum innarbeidast i økonomiplanen for 2026-2028.
5. For å tilfredsstilla Riksteateret sin kravspesifikasjon, vert backstage etablert i heradsstyresalen og tilgrensande areal i Tinghuset. Sambruk med tenestene i Tinghuset er eit førande prinsipp for planlegginga.
6. Heradsstyremøta vert etter ferdigstilling flytta til kinosalen, og salen skal ha møblering og tekniske installasjonar tilpassa desse.
7. 5 % av kapasiteten til salen skal leigast ut til kommersielle aktørar, den resterande kapasiteten skal lånast ut til kulturlivet til kostpris.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 19.03.2026 - 13/26**

1. Voss heradsstyre vedtek rehabilitering av Gamlekinoen slik det er skissert i forprosjektet som bygger på Moglegheitsstudien frå 2022, kalkyle frå Bruket arkitektur datert  26.02.2026 inkludert brannsikring. Den samla kostnadsramme er 79 691 375 **kroner inkl meirverdiavgift og brannsikring.** Dette inkluderer også ei ramme for uføresette utgifter på 9 525 375 kroner (25 % bygningsmessige arbeid 5 % sceneteknikk).
2. Voss heradsstyre vedtek finansieringsplanen slik den ligg føre. Eigendel til Voss herad på **21 593 175 kroner** skal finansierast gjennom realisering av varige driftsmidlar og lån. Eventuelle seinare tilskot kjem i fråtrekk.
3. Rådmannen får fullmakt til å lysa ut oppdraget med den skisserte kostnadsramma.
4. Etter val av leverandør og arbeid med finansiering, vil faktisk økonomisk sum innarbeidast i økonomiplanen for 2026-2028.
5. For å tilfredsstilla Riksteateret sin kravspesifikasjon, vert backstage etablert i heradsstyresalen og tilgrensande areal i Tinghuset. Sambruk med tenestene i Tinghuset er eit førande prinsipp for planlegginga.
6. Heradsstyremøta vert etter ferdigstilling flytta til kinosalen, og salen skal ha møblering og tekniske installasjonar tilpassa desse.
7. 5 % av kapasiteten til salen skal leigast ut til kommersielle aktørar, den resterande kapasiteten skal lånast ut til kulturlivet til kostpris.

Saksordførar Dag Sandvik

**Formannskapet, Plan og økonomi 19.03.2026**

**Handsaming**

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

**FPL - 13/26 Vedtak**

1. Voss heradsstyre vedtek rehabilitering av Gamlekinoen slik det er skissert i forprosjektet som bygger på Moglegheitsstudien frå 2022, kalkyle frå Bruket arkitektur datert 26.02.2026 inkludert brannsikring. Den samla kostnadsramme er 79 691 375 **kroner inkl meirverdiavgift og brannsikring.** Dette inkluderer også ei ramme for uføresette utgifter på 9 525 375 kroner (25 % bygningsmessige arbeid 5 % sceneteknikk).
2. Voss heradsstyre vedtek finansieringsplanen slik den ligg føre. Eigendel til Voss herad på **21 593 175 kroner** skal finansierast gjennom realisering av varige driftsmidlar og lån. Eventuelle seinare tilskot kjem i fråtrekk.
3. Rådmannen får fullmakt til å lysa ut oppdraget med den skisserte kostnadsramma.
4. Etter val av leverandør og arbeid med finansiering, vil faktisk økonomisk sum innarbeidast i økonomiplanen for 2026-2028.
5. For å tilfredsstilla Riksteateret sin kravspesifikasjon, vert backstage etablert i heradsstyresalen og tilgrensande areal i Tinghuset. Sambruk med tenestene i Tinghuset er eit førande prinsipp for planlegginga.
6. Heradsstyremøta vert etter ferdigstilling flytta til kinosalen, og salen skal ha møblering og tekniske installasjonar tilpassa desse.
7. 5 % av kapasiteten til salen skal leigast ut til kommersielle aktørar, den resterande kapasiteten skal lånast ut til kulturlivet til kostpris.

Saksordførar Dag Sandvik

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Om overskridingar av totalramme: INPog Høgre, foreslått av Lars Gunnar Øye, Industri- og Næringspartiet

Ved overskridingar utover kalkulert ombyggingskostnad på 80 millionar kroner, skal saka til ny handsaming i Fpl.

Heradsstyret røysta over innstillinga frå Formannskap, plan og økonomi, samrøystes vedteke.

Heradsstyret røysta over tilleggspunkt frå Høgre og Inp v/Lars Gunnar Øye, Inp, vedteke med 28 røyster mot 15 røyster (Benedicte Kragh, Hilde Magnusson, Tommy Mo Aarethun, Stein Helge Mandelid, Karl Atle Knapskog, Marit Wæhle, Kyrre S. Mandelid, Asgeir Løno, Ap, Dag Sandvik, Margrethe Alm, Håvard Skattum, Gry Bystøl Gladheim, Marit Tveito Askeland, Sv, Bridget Penny, R, Astrid Rongen, V)

**HST - 17/26 Vedtak**

1. Voss heradsstyre vedtek rehabilitering av Gamlekinoen slik det er skissert i forprosjektet som bygger på Moglegheitsstudien frå 2022, kalkyle frå Bruket arkitektur datert 26.02.2026 inkludert brannsikring. Den samla kostnadsramme er 79 691 375 **kroner inkl meirverdiavgift og brannsikring.** Dette inkluderer også ei ramme for uføresette utgifter på 9 525 375 kroner (25 % bygningsmessige arbeid 5 % sceneteknikk).
2. Voss heradsstyre vedtek finansieringsplanen slik den ligg føre. Eigendel til Voss herad på **21 593 175 kroner** skal finansierast gjennom realisering av varige driftsmidlar og lån. Eventuelle seinare tilskot kjem i fråtrekk.
3. Rådmannen får fullmakt til å lysa ut oppdraget med den skisserte kostnadsramma.
4. Etter val av leverandør og arbeid med finansiering, vil faktisk økonomisk sum innarbeidast i økonomiplanen for 2026-2028.
5. For å tilfredsstilla Riksteateret sin kravspesifikasjon, vert backstage etablert i heradsstyresalen og tilgrensande areal i Tinghuset. Sambruk med tenestene i Tinghuset er eit førande prinsipp for planlegginga.
6. Heradsstyremøta vert etter ferdigstilling flytta til kinosalen, og salen skal ha møblering og tekniske installasjonar tilpassa desse.
7. 5 % av kapasiteten til salen skal leigast ut til kommersielle aktørar, den resterande kapasiteten skal lånast ut til kulturlivet til kostpris.

## 19/26 Forvaltningsrevisjonsrapport frå Kontrollutvalet, om økonomistyring i Voss herad

**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**
Heradsstyret bed om at tilrådingane i rapporten vert fylgt opp og vurdert nærare av administrasjonen i det vidare arbeidet med å sikra god rapportering og økonomistyring i Voss herad.

**Heradsstyret 05.02.2026**

**Handsaming**

Utsetjingsframlegg, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Heradsstyret utset saka til neste møte.

Heradsstyret røysta over framlegg til utsetjing frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke.

**HST - 11/26 Vedtak**

Heradsstyret utset saka til neste møte.

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Alternativt framlegg, foreslått av Iril Kirstine Schau Johansen, Høgre

1. Heradsstyret ber rådmannen laga ein handlingsplan til heradsstyret innan juni 2026, som seier kva tiltak ein vil gjennomføra for å følgje opp tilrådingane i rapporten, kven som har ansvaret for oppfølginga og når tilrådingane vert gjennomført.

2. Orientering om vidare status og framdrift på oppfølging av tilrådingane skal inkluderast i tertialrapportane, fram til tilrådingane er følgde og saka kan lukkast.

Heradsstyret røysta over kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak opp mot alternativt framlegg frå Iril S. Johansen, H. Framlegg frå Iril S. Johansen, H, vart samrøystes vedteke.

**HST - 19/26 Vedtak**

1. Heradsstyret ber rådmannen laga ein handlingsplan til heradsstyret innan juni 2026, som seier kva tiltak ein vil gjennomføra for å følgje opp tilrådingane i rapporten, kven som har ansvaret for oppfølginga og når tilrådingane vert gjennomført.

2. Orientering om vidare status og framdrift på oppfølging av tilrådingane skal inkluderast i tertialrapportane, fram til tilrådingane er følgde og saka kan lukkast.

## 26/26 Høyringsinnspel til forskrift om overnattingsavgift

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Voss herad støttar at kommunar med særleg stor belastning frå reiselivet kan innføra forskrift om overnattingsavgift.

2. Voss herad meinar ordninga bør utvidast til å også å gjelda oppstilling av bubil og telt på campingplass.

3. Voss herad meiner kommunar som inngår i eit naturleg reisemål saman med andre kommunar, skal inngå felles plan for bruken av midlane slik at ein kan bøte på område med urimeleg slitasje forårsaka av overnattingsgjestar i ein annan kommune.

4. I spørsmålet om overgangsordning for 2027, støttar Voss herad alternativ 6.2, som på ein god måte balanserer næringsaktørane sine behov for planlegging og kommunane sin rolle som ansvarleg forvaltar.

5. I spørsmålet om tredjepartsansvaret, støttar Voss herad alternativ 4.1, som legg ansvaret på formidlaren som mottar vederlaget frå kunden.

6. Voss herad meiner det må tydeleggjerast at fritak for avgift som gjeld ubetente eller sjølvbetente hytter også gjeld for ikkje-kommersielle tilbod i offentleg regi, som

interkommunale friluftsråd.

7. Voss herad meiner departementet må tydeleggjera kva som er meint med «tenester» i lovteksten § 1-1(1).

8. Voss herad meiner departementet må tydeleggjera kva som er meint med «særleg stor belastning» i lovteksten § 1-1(1).

9. Voss herad meiner at staten må bera kostnadane med å få oppretta eit felles innkrevjings- og innrapporteringssystem for avgifta som kommunane kan ta i bruk.

| Inhabile | Varamedlem | Merknad |
|---|---|---|
| Margrethe Alm | Hilde Skorve | |

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Retting, foreslått av Håvard Skattum , Sosialistisk venstreparti

Siste del av høringssvarets pkt 7 rettes fra "… lovteksten § 1-1(1) til "…. lovtekstens § 1-1(**2**)".

Margrethe Alm, Sv, bad om vurdering av habilitet som dagleg leiar i Voss utferdslag som har hytter til utleige som vil kunna bli råka av eit vedtak om overnattingsavgift, jf fvl 6 andre ledd

Bridget Penny, R bad om vurdering av habilitet som drivar av overnattingsstad

Astrid Rongen, V, bad om vurdering av habilitet som utleigar overnatting

Stein Helge Mandelid, Ap, bad om vurdering av habilitet, driv med airbnb

Stig Frode Soltveit Støle, Frp, bad om vurdering av habilitet, driv med airbnb

Kyrre Sudmann Mandelid, Ap, bad om vurdering av habilitet, driv med airbnb

Tommy Mo Aarethun, Ap, bad om vurdering av habilitet, driv med airbnb

Gry Bystøl Gladheim, Sv, bad om vurdering av habilitet, driv med airbnb

Heradsstyret røysta over B. Penny, A. Rongen, SH Mandelid og SF S Støle, KS Mandelid, T M Aarethun og G B Galdheim sin habilitet, repr vart samrøystes, med 35 røyster, funne gilde.

Heradsstyret røysta over M. Alm sin habilitet og repr vart samrøystes, med 42 røyster, funnen ugild. Hilde Skorve tok sete som vara.

Heradsstyret røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, vedteke med 41 røyster mot 2 røyster (Knut Ståle Kvissel, Stig Frode Soltveit Støle, Frp)

Heradsstyret røysta over framlegg til retting frå Håvard Skattum, Sv, samrøystes vedteke.

**HST - 26/26 Vedtak**

1. Voss herad støttar at kommunar med særleg stor belastning frå reiselivet kan innføra forskrift om overnattingsavgift.

2. Voss herad meinar ordninga bør utvidast til å også å gjelda oppstilling av bubil og telt på campingplass.

3. Voss herad meiner kommunar som inngår i eit naturleg reisemål saman med andre kommunar, skal inngå felles plan for bruken av midlane slik at ein kan bøte på område med urimeleg slitasje forårsaka av overnattingsgjestar i ein annan kommune.

4. I spørsmålet om overgangsordning for 2027, støttar Voss herad alternativ 6.2, som på ein god måte balanserer næringsaktørane sine behov for planlegging og kommunane sin rolle som ansvarleg forvaltar.

5. I spørsmålet om tredjepartsansvaret, støttar Voss herad alternativ 4.1, som legg ansvaret på formidlaren som mottar vederlaget frå kunden.

6. Voss herad meiner det må tydeleggjerast at fritak for avgift som gjeld ubetente eller sjølvbetente hytter også gjeld for ikkje-kommersielle tilbod i offentleg regi, som interkommunale friluftsråd.

7. Voss herad meiner departementet må tydeleggjera kva som er meint med «tenester» i lovteksten § 1-1(2).

8. Voss herad meiner departementet må tydeleggjera kva som er meint med «særleg stor belastning» i lovteksten § 1-1(1).

9. Voss herad meiner at staten må bera kostnadane med å få oppretta eit felles innkrevjings- og innrapporteringssystem for avgifta som kommunane kan ta i bruk.

## 20/26 Høyringssvar frå Voss herad, berekraftig kommunesektor (NOU 2026:1), kommunekommisjon

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Voss heradsstyre vedtek å senda fylgjande høyringssvar til kommunekommisjonen sin fyrste rapport (NOU 2026 - 1):

Voss herad støtter opp om kommisjonen sitt arbeid med å redusera statleg detaljstyring, auka lokalt handlingsrom og endra økonomiske verkemiddel med mål om å forenkla. Dette er eit svært viktig arbeid for å gje kommunane moglegheit til å ha berekraftige og lokalt tilpassa tenester etter behov og redusera byråkrati.

Generelt sett meiner me det er altfor mange krav i lover, forskrifter og rettleiarar. Det må reduserast og forenklast. Dersom det finst generelle lovkrav om kvalitet på tenester, bør det som hovudregel ikkje vera konkrete detaljkrav i tillegg. Omfanget av tilsyn for å følgja opp detaljkrava bør reduserast, særskild på dei områda der det er låg risiko.

Voss herad støttar framlegget om å fjerna kompetansekrav i helse og omsorg. Lovkrav om forsvarlege tenester er tilstrekkeleg krav for å sikra kvalitet. Å fjerna kompetansekrav vil gi kommunane naudsynt handlingsrom til å tilsetta personar til å utøva tenestene ut frå tilgjengelege ressursar. Kompetanse vil truleg vera ei større utfordring i framtida og kommunane treng handlingsrom til å tilsetta ressursar ut i frå eigen vurdering av behov.

Dersom detaljkrav til kommunane vert redusert, så er det svært viktig at statsforvaltar og andre tilsynsmynde som t.d Arbeidstilsynet endrar si oppfølging av kommunane deretter. Voss herad har ei oppleving av at det er ei treigheit i systemet når rammer og krav vert endra.

Voss herad støttar framlegget om å fjerna lærarnorm i skule. Å fjerna lærarnorm kan føra til at det vert mindre ressursar til generell undervisning grunna rettigheitspolitikk. Det har vore ein stor vekst barn som har rett på tilpassa undervisning. Det bør vurderast om lærarnorm på kommunenivå er naudsynt for å hindra at det generelle tilbodet vert svekka.

Voss herad støttar framlegget om å heva rapporteringsgrensa til 500 000 kr, og å innlemma dei føreslegne 22 tilskotsordningane i rammetilskotet. Me vil påpeika at det er viktig at beløpa vert innlemma i sin heilskap utan avkorting og med prisjustering. Det bør vurderast å auka beløp for nokre tilskotsordningar som bidreg til framtidig berekraftige tenester.

Voss herad støttar framlegget om fjerna skuletilskotet og innlemma det i rammetilskotet.

Voss herad oppmodar også om at omfanget av statlege direktorat og tilsyn bør reduserast. Det finst om lag 70 ulike direktorat som har ansvar for ulike fagområde, som omfattar bl.a statleg forvalting, utvikling og rådgjeving til departementa. Dette har påverknad på kommunane fordi jo større og betre kapasitet direktorat og tilsyn har, jo meir kvalitetskrav, kontrollering og rapportering vert det. Forenkling av øyremerka tilskot vil også gje redusert administrativt arbeid for både statlege instansar og kommunar.

Den statlege styringa er prega av detaljar og silotenking. Staten si styring gjennom dagens departement bidreg til sektorstyring og silotenking i kommunane. Redusert statleg detaljstyring vil bidra positivt til at kommunane kan styra meir heilskapleg og framtidsretta.

Voss herad støttar opp om KS sitt høyringssvar til kommunekommisjonen i innspel på forslag i fyrste rapporten og til vidare utgreiingar til neste rapport. Unntak er innspel til lærarnormen der KS tilrår sekundærforslaget som er norm på kommunenivå, medan Voss i utgangspunktet tilrår å fjerna lærarnorm.

Voss herad oppmodar om å vurdera følgjande konkrete endringar med føremål om å redusera detaljstyring og letta administrativt arbeid:

| | **Framlegg til endring** | **Forklaring/døme** |
|---|---|---|
| Revisorgodkjenning av tilskot | Auka beløpsgrense for revisorgodkjenning på tilskot og spelemidlar til 1 mill.kr | Det blir brukt unødvendig mykje ressursar på revisorgodkjenning av relativt små beløp. |
| KOSTRA-rapportering | Nokre skjema bør endrast til rapportering kvart 2.eller 3.år | Det bør vurderast om årleg rapportering er føremålstenleg på alle område. Nokre skjema bør rapporterast om kvart 2. eller 3.år då kommunar ikkje har kapasitet til å gjera opptelling kvart år. |
| KOSTRA-rettleiar | Ny rettleiar må leggast fram innan utgangen av august. | I dag vert den lagt fram årleg i november. Dette er etter at kommunane har laga sine budsjett. Dette fører til unødvendig administrativt arbeid med å endre budsjett etter at det er laga. Ein meir standardisert nasjonal kontoplan hadde også forenkla økonomiarbeid i kommunane. |
| Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (merverdiavgifts-kompensasjonsloven) | Vurdera å avskaffe heile ordning med momskompensasjon for kommunar og heller auke rammetilskot. | Det blir brukt svært mykje ressursar på administrering, rapportering, revisjon og refusjonskrav. Å avvikle ordninga ville spart det offentlege for store ressursar i mange ledd. Dersom aktuelt må rammetilskot aukast for å kompensere for dette. |
| Refusjon ressurskrevjande tenester | Mal for oppstilling, utrekning og felles system bør lagast for å letta arbeidet for kommunane og sikra lik praksis | Kommunane må i dag etablera eigne utrekningar, tolka regelverket og laga eigne system som grunnlag for refusjonskrav. Det bør standardiserst og etablerast felles system for å letta administrativt arbeid og hindra ulik praksis. |
| Arbeidsmiljølov kap.18 | Kap. 18 bør forenklast og kommisjonen bør vurdera om straffegebyr til kommunar/offentlege aktørar gjev tiltenkt nytte. | Voss fekk 200 000 kr i overtredelsesgebyr grunna manglande risikovurdering og dokumentasjon på kontroll for at byggleverandørar følgde løns- og arbeidsvilkår. Dette skjer etter prekvalifisering og eigenerklæring frå leverandør. |
| Finansforetakslova/ Kapitaldekningsregelvert | Endre regelverk slik at risikovekt ved bankar sine utlån til norske kommunar vert satt til null. | Det er i realiteten ingen risiko ved utlån til norske kommunar. Det bør vurderast å endre regelverket slik at kapitalvekta for utlån til norske kommunar vert sett til 0 %. Dette på lik linje med regelverket i land som Danmark, Sverige og Finland.<br>Kapitalvekt på null vil føra til lågare marginar på innlån i til norske kommunar og soleis redusera renteutgifter. Svært mange norske kommunar brukar i dag markedsbasert finansiering for å oppnå tilsvarande lågt marginnivå. Bortfall av kapitalvekting ville forenkla innlån til kommunane då tradisjonelle banklån ville blitt billigare. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Det er eit paradoks at Kommunalbanken tilbyr banklån med risikovekt, samstundes som dei også er ein aktiv aktør og tilbyr lange obligasjonslån utan risikovekt |
| Eigedomsskattelova | Gjera det mogleg å differensiera promillesats mellom bustad og fritidsbustad | Mange kommunar brukar skatteetaten sitt grunnlag for verdsetting av bustader, som vert justert årleg. For fritidsbustader vert det i utgangspunktet gjort taksering kvart 10. år. Dette gjev ei skeivheit i verdigrunnlag, og promillesats bør kunne brukast for å utlikne dette. |
| Tillitsbaserte støtteordningar | Eksempel på god og enkel tilskotsforvalting. | Forskrift om tilskudd til Frivilligsentraler (FOR-2022-06-30-1272) er eit eksempel på forenkling til etterfylging. Her vart både søknad og rapportering forenkla til ein enkel eigenrapportering på at midlane som kommunane får vert overført til frivilligsentralen og at tilskotet er nytta etter forskrifta. |
| Lovgiving innan oppvekst | Ulike krav i lover og forskrifter innan skule og barnehage bør forenklast og oppdaterast | Ulike krav i lover og forskrifter er utdatert og stemmer ikkje med verkelegheita lenger og lova tek ingen omsyn til korleis det er å etterleva lovkrava i små kommunar med små skular og barnehagar. |

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 19.03.2026 - 14/26**

Voss heradsstyre vedtek å senda fylgjande høyringssvar til kommunekommisjonen sin fyrste rapport (NOU 2026 - 1):

Voss herad støtter opp om kommisjonen sitt arbeid med å redusera statleg detaljstyring, auka lokalt handlingsrom og endra økonomiske verkemiddel med mål om å forenkla. Dette er eit svært viktig arbeid for å gje kommunane moglegheit til å ha berekraftige og lokalt tilpassa tenester etter behov og redusera byråkrati.

Generelt sett meiner me det er altfor mange krav i lover, forskrifter og rettleiarar. Det må reduserast og forenklast. Dersom det finst generelle lovkrav om kvalitet på tenester, bør det som hovudregel ikkje vera konkrete detaljkrav i tillegg. Omfanget av tilsyn for å følgja opp detaljkrava bør reduserast, særskild på dei områda der det er låg risiko.

Voss herad støttar framlegget om å fjerna kompetansekrav i helse og omsorg. Lovkrav om forsvarlege tenester er tilstrekkeleg krav for å sikra kvalitet. Å fjerna kompetansekrav vil gi kommunane naudsynt handlingsrom til å tilsetta personar til å utøva tenestene ut frå tilgjengelege ressursar. Kompetanse vil truleg vera ei større utfordring i framtida og kommunane treng handlingsrom til å tilsetta ressursar ut i frå eigen vurdering av behov.

Dersom detaljkrav til kommunane vert redusert, så er det svært viktig at statsforvaltar og andre tilsynsmynde som t.d Arbeidstilsynet endrar si oppfølging av kommunane deretter. Voss herad har ei oppleving av at det er ei treigheit i systemet når rammer og krav vert endra.

Voss herad støttar framlegget om å fjerna lærarnorm i skule. Å fjerna lærarnorm kan føra til at det vert mindre ressursar til generell undervisning grunna rettigheitspolitikk. Det har vore ein stor vekst barn

som har rett på tilpassa undervisning. Det bør vurderast om lærarnorm på kommunenivå er naudsynt for å hindra at det generelle tilbodet vert svekka.

Voss herad støttar framlegget om å heva rapporteringsgrensa til 500 000 kr, og å innlemma dei føreslegne 22 tilskotsordningane i rammetilskotet. Me vil påpeika at det er viktig at beløpa vert innlemma i sin heilskap utan avkorting og med prisjustering. Det bør vurderast å auka beløp for nokre tilskotsordningar som bidreg til framtidig berekraftige tenester.

Voss herad støttar framlegget om fjerna skuletilskotet og innlemma det i rammetilskotet.

Voss herad oppmodar også om at omfanget av statlege direktorat og tilsyn bør reduserast. Det finst om lag 70 ulike direktorat som har ansvar for ulike fagområde, som omfattar bl.a statleg forvalting, utvikling og rådgjeving til departementa. Dette har påverknad på kommunane fordi jo større og betre kapasitet direktorat og tilsyn har, jo meir kvalitetskrav, kontrollering og rapportering vert det. Forenkling av øyremerka tilskot vil også gje redusert administrativt arbeid for både statlege instansar og kommunar.

Den statlege styringa er prega av detaljar og silotenking. Staten si styring gjennom dagens departement bidreg til sektorstyring og silotenking i kommunane. Redusert statleg detaljstyring vil bidra positivt til at kommunane kan styra meir heilskapleg og framtidsretta.

Voss herad støttar opp om KS sitt høyringssvar til kommunekommisjonen i innspel på forslag i fyrste rapporten og til vidare utgreiingar til neste rapport. Unntak er innspel til lærarnormen der KS tilrår sekundærforslaget som er norm på kommunenivå, medan Voss i utgangspunktet tilrår å fjerna lærarnorm.

Voss herad oppmodar om å vurdera følgjande konkrete endringar med føremål om å redusera detaljstyring og letta administrativt arbeid:

| | **Framlegg til endring** | **Forklaring/døme** |
|---|---|---|
| Revisorgodkjenning av tilskot | Auka beløpsgrense for revisorgodkjenning på tilskot og spelemidlar til 1 mill.kr | Det blir brukt unødvendig mykje ressursar på revisorgodkjenning av relativt små beløp. |
| KOSTRA-rapportering | Nokre skjema bør endrast til rapportering kvart 2.eller 3.år | Det bør vurderast om årleg rapportering er føremålstenleg på alle område. Nokre skjema bør rapporterast om kvart 2. eller 3.år då kommunar ikkje har kapasitet til å gjera opptelling kvart år. |
| KOSTRA-rettleiar | Ny rettleiar må leggast fram innan utgangen av august. | I dag vert den lagt fram årleg i november. Dette er etter at kommunane har laga sine budsjett. Dette fører til unødvendig administrativt arbeid med å endre budsjett etter at det er laga. Ein meir standardisert nasjonal kontoplan hadde også forenkla økonomiarbeid i kommunane. |
| Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (merverdiavgifts-kompensasjonsloven) | Vurdera å avskaffe heile ordning med momskompensasjon for kommunar og heller auke rammetilskot. | Det blir brukt svært mykje ressursar på administrering, rapportering, revisjon og refusjonskrav. Å avvikle ordninga ville spart det offentlege for store ressursar i mange ledd. Dersom aktuelt må rammetilskot aukast for å kompensere for dette. |

| | | |
|---|---|---|
| Refusjon ressurskrevjande tenester | Mal for oppstilling, utrekning og felles system bør lagast for å letta arbeidet for kommunane og sikra lik praksis | Kommunane må i dag etablera eigne utrekningar, tolka regelverket og laga eigne system som grunnlag for refusjonskrav. Det bør standardiserst og etablerast felles system for å letta administrativt arbeid og hindra ulik praksis. |
| Arbeidsmiljølov kap.18 | Kap. 18 bør forenklast og kommisjonen bør vurdera om straffegebyr til kommunar/offentlege aktørar gjev tiltenkt nytte. | Voss fekk 200 000 kr i overtredelsesgebyr grunna manglande risikovurdering og dokumentasjon på kontroll for at byggleverandørar følgde løns- og arbeidsvilkår. Dette skjer etter prekvalifisering og eigenerklæring frå leverandør. |
| Finansforetakslova/ Kapitaldekningsregelvert | Endre regelverk slik at risikovekt ved bankar sine utlån til norske kommunar vert satt til null. | Det er i realiteten ingen risiko ved utlån til norske kommunar. Det bør vurderast å endre regelverket slik at kapitalvekta for utlån til norske kommunar vert sett til 0 %. Dette på lik linje med regelverket i land som Danmark, Sverige og Finland.<br>Kapitalvekt på null vil føra til lågare marginar på innlån i til norske kommunar og soleis redusera renteutgifter. Svært mange norske kommunar brukar i dag markedsbasert finansiering for å oppnå tilsvarande lågt marginnivå. Bortfall av kapitalvekting ville forenkla innlån til kommunane då tradisjonelle banklån ville blitt billigare.<br>Det er eit paradoks at Kommunalbanken tilbyr banklån med risikovekt, samstundes som dei også er ein aktiv aktør og tilbyr lange obligasjonslån utan risikovekt |
| Eigedomsskattelova | Gjera det mogleg å differensiera promillesats mellom bustad og fritidsbustad | Mange kommunar brukar skatteetaten sitt grunnlag for verdsetting av bustader, som vert justert årleg. For fritidsbustader vert det i utgangspunktet gjort taksering kvart 10. år. Dette gjev ei skeivheit i verdigrunnlag, og promillesats bør kunne brukast for å utlikne dette. |
| Tillitsbaserte støtteordningar | Eksempel på god og enkel tilskotsforvalting. | Forskrift om tilskudd til Frivilligsentraler (FOR-2022-06-30-1272) er eit eksempel på forenkling til etterfylging. Her vart både søknad og rapportering forenkla til ein enkel eigenrapportering på at midlane som kommunane får vert overført til frivilligsentralen og at tilskotet er nytta etter forskrifta. |
| Lovgiving innan oppvekst | Ulike krav i lover og forskrifter innan skule og barnehage bør forenklast og oppdaterast | Ulike krav i lover og forskrifter er utdatert og stemmer ikkje med verkelegheita lenger og lova tek ingen omsyn til korleis det er å etterleva lovkrava i små kommunar med små skular og barnehagar. |

Saksordførar Tonje Ljones Såkvitne

| Inhabile | Varamedlem | Merknad |
|---|---|---|
| Iril Kirstine Schau Johansen | Olav Farestveit | |

**Formannskapet, Plan og økonomi 19.03.2026**

**Handsaming**

Endringsframlegg, foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

Fjern følgjande avsnitt:
Voss herad støttar framlegget om å fjerna lærarnorm i skule. Å fjerna lærarnorm kan føra til at det vert mindre ressursar til generell undervisning grunna rettigheitspolitikk. Det har vore ein stor vekst barn som har rett på tilpassa undervisning. Det bør vurderast om lærarnorm på kommunenivå er naudsynt for å hindra at det generelle tilbodet vert svekka.

Grunngjeving:
Å fjerne lærarnorma vil bety færre lærarar per elev, som igjen betyr mindre tid til kvar enkelt, svekka læringsmiljø og større skilnadar mellom enkeltskular og kommunar. Ein fellesskule byggjer på at alle skal ha like moglegheiter uavhengig kva skule du går på eller kva kommune du bur i.

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

Formannskap, plan og økonomi røysta over endringsframlegg frå Ap v/Benedicte Kragh, framlegget fall med 5 røyster mot 4 røyster (Dag Sandvik, Sv, Bridget Penny, R, Benedicte Kragh, Tommy Mo Aarethun, Ap).

**FPL - 14/26 Vedtak**

Voss heradsstyre vedtek å senda fylgjande høyringssvar til kommunekommisjonen sin fyrste rapport (NOU 2026 - 1):

Voss herad støtter opp om kommisjonen sitt arbeid med å redusera statleg detaljstyring, auka lokalt handlingsrom og endra økonomiske verkemiddel med mål om å forenkla. Dette er eit svært viktig arbeid for å gje kommunane moglegheit til å ha berekraftige og lokalt tilpassa tenester etter behov og redusera byråkrati.

Generelt sett meiner me det er altfor mange krav i lover, forskrifter og rettleiarar. Det må reduserast og forenklast. Dersom det finst generelle lovkrav om kvalitet på tenester, bør det som hovudregel ikkje vera konkrete detaljkrav i tillegg. Omfanget av tilsyn for å følgja opp detaljkrava bør reduserast, særskild på dei områda der det er låg risiko.

Voss herad støttar framlegget om å fjerna kompetansekrav i helse og omsorg. Lovkrav om forsvarlege tenester er tilstrekkeleg krav for å sikra kvalitet. Å fjerna kompetansekrav vil gi kommunane naudsynt handlingsrom til å tilsetta personar til å utøva tenestene ut frå tilgjengelege ressursar. Kompetanse vil

truleg vera ei større utfordring i framtida og kommunane treng handlingsrom til å tilsetta ressursar ut i frå eigen vurdering av behov.

Dersom detaljkrav til kommunane vert redusert, så er det svært viktig at statsforvaltar og andre tilsynsmynde som t.d Arbeidstilsynet endrar si oppfølging av kommunane deretter. Voss herad har ei oppleving av at det er ei treigheit i systemet når rammer og krav vert endra.

Voss herad støttar framlegget om å fjerna lærarnorm i skule. Å fjerna lærarnorm kan føra til at det vert mindre ressursar til generell undervisning grunna rettigheitspolitikk. Det har vore ein stor vekst barn som har rett på tilpassa undervisning. Det bør vurderast om lærarnorm på kommunenivå er naudsynt for å hindra at det generelle tilbodet vert svekka.

Voss herad støttar framlegget om å heva rapporteringsgrensa til 500 000 kr, og å innlemma dei føreslegne 22 tilskotsordningane i rammetilskotet. Me vil påpeika at det er viktig at beløpa vert innlemma i sin heilskap utan avkorting og med prisjustering. Det bør vurderast å auka beløp for nokre tilskotsordningar som bidreg til framtidig berekraftige tenester.

Voss herad støttar framlegget om fjerna skuletilskotet og innlemma det i rammetilskotet.

Voss herad oppmodar også om at omfanget av statlege direktorat og tilsyn bør reduserast. Det finst om lag 70 ulike direktorat som har ansvar for ulike fagområde, som omfattar bl.a statleg forvalting, utvikling og rådgjeving til departementa. Dette har påverknad på kommunane fordi jo større og betre kapasitet direktorat og tilsyn har, jo meir kvalitetskrav, kontrollering og rapportering vert det. Forenkling av øyremerka tilskot vil også gje redusert administrativt arbeid for både statlege instansar og kommunar.

Den statlege styringa er prega av detaljar og silotenking. Staten si styring gjennom dagens departement bidreg til sektorstyring og silotenking i kommunane. Redusert statleg detaljstyring vil bidra positivt til at kommunane kan styra meir heilskapleg og framtidsretta.

Voss herad støttar opp om KS sitt høyringssvar til kommunekommisjonen i innspel på forslag i fyrste rapporten og til vidare utgreiingar til neste rapport. Unntak er innspel til lærarnormen der KS tilrår sekundærforslaget som er norm på kommunenivå, medan Voss i utgangspunktet tilrår å fjerna lærarnorm.

Voss herad oppmodar om å vurdera følgjande konkrete endringar med føremål om å redusera detaljstyring og letta administrativt arbeid:

| | **Framlegg til endring** | **Forklaring/døme** |
|---|---|---|
| Revisorgodkjenning av tilskot | Auka beløpsgrense for revisorgodkjenning på tilskot og spelemidlar til 1 mill.kr | Det blir brukt unødvendig mykje ressursar på revisorgodkjenning av relativt små beløp. |
| KOSTRA-rapportering | Nokre skjema bør endrast til rapportering kvart 2.eller 3.år | Det bør vurderast om årleg rapportering er føremålstenleg på alle område. Nokre skjema bør rapporterast om kvart 2. eller 3.år då |

| | | |
|---|---|---|
| | | kommunar ikkje har kapasitet til å gjera opptelling kvart år. |
| KOSTRA-rettleiar | Ny rettleiar må leggast fram innan utgangen av august. | I dag vert den lagt fram årleg i november. Dette er etter at kommunane har laga sine budsjett. Dette fører til unødvendig administrativt arbeid med å endre budsjett etter at det er laga. Ein meir standardisert nasjonal kontoplan hadde også forenkla økonomiarbeid i kommunane. |
| Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (merverdiavgifts-kompensasjonsloven) | Vurdera å avskaffe heile ordning med momskompensasjon for kommunar og heller auke rammetilskot. | Det blir brukt svært mykje ressursar på administrering, rapportering, revisjon og refusjonskrav. Å avvikle ordninga ville spart det offentlege for store ressursar i mange ledd. Dersom aktuelt må rammetilskot aukast for å kompensere for dette. |
| Refusjon ressurskrevjande tenester | Mal for oppstilling, utrekning og felles system bør lagast for å letta arbeidet for kommunane og sikra lik praksis | Kommunane må i dag etablera eigne utrekningar, tolka regelverket og laga eigne system som grunnlag for refusjonskrav. Det bør standardiserst og etablerast felles system for å letta administrativt arbeid og hindra ulik praksis. |
| Arbeidsmiljølov kap.18 | Kap. 18 bør forenklast og kommisjonen bør vurdera om straffegebyr til kommunar/offentlege aktørar gjev tiltenkt nytte. | Voss fekk 200 000 kr i overtredelsesgebyr grunna manglande risikovurdering og dokumentasjon på kontroll for at byggleverandørar følgde løns- og arbeidsvilkår. Dette skjer etter prekvalifisering og eigenerklæring frå leverandør. |
| Finansforetakslova/ Kapitaldekningsregelvert | Endre regelverk slik at risikovekt ved bankar sine utlån til norske kommunar vert satt til null. | Det er i realiteten ingen risiko ved utlån til norske kommunar. Det bør vurderast å endre regelverket slik at kapitalvekta for utlån til norske kommunar vert sett til 0 %. Dette på lik linje med regelverket i land som Danmark, Sverige og Finland.<br><br>Kapitalvekt på null vil føra til lågare marginar på innlån i til norske kommunar og soleis redusera renteutgifter. Svært mange norske kommunar brukar i dag markedsbasert finansiering for å oppnå tilsvarande lågt marginnivå. Bortfall av kapitalvekting ville forenkla innlån til kommunane då tradisjonelle banklån ville blitt billigare.<br><br>Det er eit paradoks at Kommunalbanken tilbyr banklån med risikovekt, samstundes som dei også er ein aktiv aktør og tilbyr lange obligasjonslån utan risikovekt |
| Eigedomsskattelova | Gjera det mogleg å differensiera | Mange kommunar brukar skatteetaten sitt grunnlag for verdsetting av bustader, som |

| | | |
|---|---|---|
| | promillesats mellom bustad og fritidsbustad | vert justert årleg. For fritidsbustader vert det i utgangspunktet gjort taksering kvart 10. år. Dette gjev ei skeivheit i verdigrunnlag, og promillesats bør kunne brukast for å utlikne dette. |
| Tillitsbaserte støtteordningar | Eksempel på god og enkel tilskotsforvalting. | Forskrift om tilskudd til Frivilligsentraler (FOR-2022-06-30-1272) er eit eksempel på forenkling til etterfylging. Her vart både søknad og rapportering forenkla til ein enkel eigenrapportering på at midlane som kommunane får vert overført til frivilligsentralen og at tilskotet er nytta etter forskrifta. |
| Lovgiving innan oppvekst | Ulike krav i lover og forskrifter innan skule og barnehage bør forenklast og oppdaterast | Ulike krav i lover og forskrifter er utdatert og stemmer ikkje med verkelegheita lenger og lova tek ingen omsyn til korleis det er å etterleva lovkrava i små kommunar med små skular og barnehagar. |

Saksordførar Tonje Ljones Såkvitne

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Tilleggspunkt, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

I likskap med KS, støttar ikkje Voss herad forslaget om innlemming av veterinærtilskot. Voss herad meiner det er kritisk for dyrevelferd, landbruksnæringa og beredskap, at tilskotet som vert gjeve spesielt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtenester, vert vidareført som øyremerka tilskot. Voss herad støttar Prestbakkmo og Ottervik si vurdering om å vidareutvikla ordninga.

Grunngjeving frå KS:
"KS støtter kommisjonens forslag til innlemming av øremerkede tilskudd, med unntak av forslaget om innlemming av veterinærtilskudd. Når det gjelder dette tilskuddet, anbefaler KS at den delen av tilskuddet som gis spesielt som stimuleringstilskudd til dekning av veterinærtjenester på dagtid i kommuner med svakt næringsgrunnlag videreføres som øremerket tilskudd. Det er bare om lag en fjerdedel av kommunene som oppfyller kriteriene for å søke om midler fra denne ordningen, og denne delen av tilskuddet faller derfor etter vår vurdering inn under kriteriene for når øremerking er hensiktsmessig. Tilskuddet er viktig for å bidra til tilfredsstillende tilgang på veterinærtjenester i næringssvake distriktskommuner"

Særmerknad frå Prestbakmo og Ottervik:
"Medlemmene Prestbakmo og Ottervik støtter ikke forslaget om å avvikle det øremerkede tilskuddet til veterinærtjenester og innlemme midlene i det generelle rammetilskuddet til kommunene. Selv om veterinærtjenester er en lovpålagt oppgave, vil en slik omlegging etter disse medlemmers vurdering vesentlig svekke kommunenes mulighet til å sikre et stabilt og forsvarlig veterinærtilbud, særlig i distriktene. For det første er veterinærberedskapen en kritisk samfunnsfunksjon. Veterinærer håndterer akutte dyrehelsehendelser, smitteutbrudd og dyrevelferdssaker som har direkte betydning for mattrygghet, landbruk og samfunnssikkerhet. Dette er tjenester som ikke kan tillates å variere etter

lokale prioriteringer eller budsjettpress. Et øremerket tilskudd er det viktigste virkemiddelet staten har for å sikre en nasjonalt likeverdig beredskap. For det andre er veterinærmarkedet i store deler av landet preget av betydelig markedssvikt. Kommuner med lite næringsgrunnlag vil stå i reell fare for å miste døgnkontinuerlig veterinærvakt dersom midlene inngår i rammetilskuddet og dermed må konkurrere med andre kommunale behov. Risikoen er at denne lovpålagte oppgaven uten øremerkede midler blir underfinansiert. For det tredje er dagens ordning et resultat av et bredt politisk ønske om å sikre forutsigbarhet og nasjonal styring i en kritisk beredskapsfunksjon. Å fjerne øremerkingen vil redusere statens mulighet til å sikre at midlene faktisk brukes til formålet, og dermed øke risikoen for geografiske forskjeller, svekket rekruttering og redusert tjenestetilgjengelighet. På denne bakgrunn mener disse medlemmene at det øremerkede tilskuddet må opprettholdes og videreutvikles, ikke avvikles. Veterinærtjenestenes beredskapsrolle, markedssvikt i distriktene og behovet for nasjonal styring tilsier at øremerking fortsatt er det mest treffsikre og ansvarlige virkemiddelet"

Endringsframlegg, foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

Fjern følgjande avsnitt:
Voss herad støttar framlegget om å fjerna lærarnorm i skule. Å fjerna lærarnorm kan føra til at det vert mindre ressursar til generell undervisning grunna rettigheitspolitikk. Det har vore ein stor vekst barn som har rett på tilpassa undervisning. Det bør vurderast om lærarnorm på kommunenivå er naudsynt for å hindra at det generelle tilbodet vert svekka.

Erstatt avsnittet med:
Å fjerne lærarnorma vil bety færre lærarar per elev, som igjen betyr mindre tid til kvar enkelt, svekka læringsmiljø og større skilnadar mellom enkeltskular og kommunar. Ein fellesskule byggjer på at alle skal ha like moglegheiter uavhengig kva skule du går på eller kva kommune du bur i. Voss herad oppmodar kommunekommisjonen om å behalda lærarnorma, på skulenivå.

Endringsframlegg, foreslått av Bridget Penny, Raudt

Voss heradsstyre vedtek å senda fylgjande høyringssvar til kommunekommisjonen sin fyrste rapport (NOU 2026 - 1):

Voss herad stør intensjonen i kommisjonen sitt arbeid om at det er nødvendig å tenkja nytt i den krevjande situasjonen kommunesektoren står i, både når det gjeld økonomi og tilgang til arbeidskraft. Voss herad stør òg opp om kommisjonen sitt arbeid med å redusera statleg detaljstyring på ei rekkje område slik at kommunane kan styra meir heilskapleg og framtidsretta, men vil likevel peika på at øyremerka tilskot på fleire område er avgjerande for innbyggjarane for at innbyggjarane skal få ein velferdsteneste av god kvalitet. Samtidig er øyremerking ofte eit avgjerande bidrag for å sikra at nasjonal politikk vert prioritert og gjennomført lokalt. På bakgrunn av dette stør ikkje Voss herad framlegg om å avvikla følgjande tilskot:

- Tilskot til vidareutdanning i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring
- Tilskot til arbeid med fleire læreplassar
- Tilskot til fagbrev på jobb
- Tilskot til frisklivs-, lærings- og meistringstilbod
- Kompetanse- og tenesteutvekslingstilskotet
- Heilskapleg støtte til pårørande med krevjande omsorgsoppgåver
- Sosiale tenester og tiltak for vanskelegstilte
- Tilskot til veterinærdekning

Voss herad er usamde i tiltak som opnar for at kommunane kan redusera krava til kvaliteten på tenestene. Dette gjeld framlegget om å fjerna kompetansekrava i helse og omsorg og framlegg om å

fjerna lærarnorma i skulen. I kommunar med stram økonomi kan slik fridom føra til svekking av offentleg velferd som generasjonane før oss har bygd opp.

Skal kommunane få auka handlingsrom, trengs auka overføringar frå staten, - overføringar som er store nok til at kommunane kan dekkja dei lovpålagde oppgåvene, tilby gode tenester, taka vare på dei tilsette og satsa på rekruttering.

Vidare vil Voss herad oppmoda om å vurdera følgjande konkrete endringar med føremål om å redusera detaljstyring og letta administrativt arbeid:

| | **Framlegg til endring** | **Forklaring/døme** |
|---|---|---|
| Revisorgodkjenning av tilskot | Auka beløpsgrense for revisorgodkjenning på tilskot og spelemidlar til 1 mill.kr | Det blir brukt unødvendig mykje ressursar på revisorgodkjenning av relativt små beløp. |
| KOSTRA-rapportering | Nokre skjema bør endrast til rapportering kvart 2.eller 3.år | Det bør vurderast om årleg rapportering er føremålstenleg på alle område. Nokre skjema bør rapporterast om kvart 2. eller 3.år då kommunar ikkje har kapasitet til å gjera opptelling kvart år. |
| KOSTRA-rettleiar | Ny rettleiar må leggast fram innan utgangen av august. | I dag vert den lagt fram årleg i november. Dette er etter at kommunane har laga sine budsjett. Dette fører til unødvendig administrativt arbeid med å endre budsjett etter at det er laga. Ein meir standardisert nasjonal kontoplan hadde også forenkla økonomiarbeid i kommunane. |
| Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (merverdiavgifts-kompensasjonsloven) | Vurdera å avskaffe heile ordning med momskompensasjon for kommunar og heller auke rammetilskot. | Det blir brukt svært mykje ressursar på administrering, rapportering, revisjon og refusjonskrav. Å avvikle ordninga ville spart det offentlege for store ressursar i mange ledd. Dersom aktuelt må rammetilskot aukast for å kompensere for dette. |
| Refusjon ressurskrevjande tenester | Mal for oppstilling, utrekning og felles system bør lagast for å letta arbeidet for kommunane og sikra lik praksis | Kommunane må i dag etablera eigne utrekningar, tolka regelverket og laga eigne system som grunnlag for refusjonskrav. Det bør standardiserst og etablerast felles system for å letta administrativt arbeid og hindra ulik praksis. |
| Arbeidsmiljølov kap.18 | Kap. 18 bør forenklast og kommisjonen bør vurdera om straffegebyr til kommunar/offentlege aktørar gjev tiltenkt nytte. | Voss fekk 200 000 kr i overtredelsesgebyr grunna manglande risikovurdering og dokumentasjon på kontroll for at byggleverandørar følgde løns- og arbeidsvilkår. Dette skjer etter prekvalifisering og eigenerklæring frå leverandør. |
| Finansforetakslova/ Kapitaldekningsregelvert | Endre regelverk slik at risikovekt ved bankar sine utlån til norske | Det er i realiteten ingen risiko ved utlån til norske kommunar. Det bør vurderast å endre regelverket slik at kapitalvekta for utlån til |

| | | |
|---|---|---|
| | kommunar vert satt til null. | norske kommunar vert sett til 0 %. Dette på lik linje med regelverket i land som Danmark, Sverige og Finland.<br><br>Kapitalvekt på null vil føra til lågare marginar på innlån i til norske kommunar og soleis redusera renteutgifter. Svært mange norske kommunar brukar i dag markedsbasert finansiering for å oppnå tilsvarande lågt marginnivå. Bortfall av kapitalvekting ville forenkla innlån til kommunane då tradisjonelle banklån ville blitt billigare.<br><br>Det er eit paradoks at Kommunalbanken tilbyr banklån med risikovekt, samstundes som dei også er ein aktiv aktør og tilbyr lange obligasjonslån utan risikovekt |
| Eigedomsskattelova | Gjera det mogleg å differensiera promillesats mellom bustad og fritidsbustad | Mange kommunar brukar skatteetaten sitt grunnlag for verdsetting av bustader, som vert justert årleg. For fritidsbustader vert det i utgangspunktet gjort taksering kvart 10. år. Dette gjev ei skeivheit i verdigrunnlag, og promillesats bør kunne brukast for å utlikne dette. |
| Tillitsbaserte støtteordningar | Eksempel på god og enkel tilskotsforvalting. | Forskrift om tilskudd til Frivilligsentraler  (FOR-2022-06-30-1272) er eit eksempel på forenkling til etterfylging. Her vart både søknad og rapportering forenkla til ein enkel eigenrapportering på at midlane som kommunane får vert overført til frivilligsentralen og at tilskotet er nytta etter forskrifta. |
| Lovgiving innan oppvekst | Ulike krav i lover og forskrifter innan skule og barnehage bør forenklast og oppdaterast | Ulike krav i lover og forskrifter er utdatert og stemmer ikkje med verkelegheita lenger og lova tek ingen omsyn til korleis det er å etterleva lovkrava i små kommunar med små skular og barnehagar. |

Iril S. Johansen, H, ber om vurdering av habilitet som sakshandsamar for veterinærvakt i Voss herad og fleire nabokommunar, jf fvl §6-andre ledd. Heradstyret røysta over Iril S. Johansen sin habilitet og repr. vart samrøystes med 42 røyster funnen ugild. Olav Farestveit tok sete i saka.

Herdsstyret røysta over innstilling frå Formannskap, plan og økonomi, samrøystes vedteken

Heradsstyret røysta over tilleggspunkt frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke

Heradsstyret røysta over endringsframlegg frå Sv og Ap v/Benedicte Kragh, Ap, vedteke med 34 røyster mot 9 røyster, (Lars Gunnar Øye, Terje Eide, Knut Opheim, Kenneth Myhre, Anne Cathrine Bakk, INP, Stig Frode Soltveit Støle, Knut Ståle Kvissel, Frp, Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg, Astrid Rongen,V)

Heradsstyret røysta over endringsframlegg frå Bridget Penny, R, fall mot 1 røyst (Bridget Penny, R)

**HST - 20/26 Vedtak**

Voss heradsstyre vedtek å senda fylgjande høyringssvar til kommunekommisjonen sin fyrste rapport (NOU 2026 - 1):

Voss herad støtter opp om kommisjonen sitt arbeid med å redusera statleg detaljstyring, auka lokalt handlingsrom og endra økonomiske verkemiddel med mål om å forenkla. Dette er eit svært viktig arbeid for å gje kommunane moglegheit til å ha berekraftige og lokalt tilpassa tenester etter behov og redusera byråkrati.

Generelt sett meiner me det er altfor mange krav i lover, forskrifter og rettleiarar. Det må reduserast og forenklast. Dersom det finst generelle lovkrav om kvalitet på tenester, bør det som hovudregel ikkje vera konkrete detaljkrav i tillegg. Omfanget av tilsyn for å følgja opp detaljkrava bør reduserast, særskild på dei områda der det er låg risiko.

Voss herad støttar framlegget om å fjerna kompetansekrav i helse og omsorg. Lovkrav om forsvarlege tenester er tilstrekkeleg krav for å sikra kvalitet. Å fjerna kompetansekrav vil gi kommunane naudsynt handlingsrom til å tilsetta personar til å utøva tenestene ut frå tilgjengelege ressursar. Kompetanse vil truleg vera ei større utfordring i framtida og kommunane treng handlingsrom til å tilsetta ressursar ut i frå eigen vurdering av behov.

Dersom detaljkrav til kommunane vert redusert, så er det svært viktig at statsforvaltar og andre tilsynsmynde som t.d Arbeidstilsynet endrar si oppfølging av kommunane deretter. Voss herad har ei oppleving av at det er ei treigheit i systemet når rammer og krav vert endra.

Voss herad støttar framlegget om å fjerna lærarnorm i skule. Å fjerna lærarnorm kan føra til at det vert mindre ressursar til generell undervisning grunna rettigheitspolitikk. Det har vore ein stor vekst barn som har rett på tilpassa undervisning. Det bør vurderast om lærarnorm på kommunenivå er naudsynt for å hindra at det generelle tilbodet vert svekka.

Voss herad støttar framlegget om å heva rapporteringsgrensa til 500 000 kr, og å innlemma dei føreslegne 22 tilskotsordningane i rammetilskotet. Me vil påpeika at det er viktig at beløpa vert innlemma i sin heilskap utan avkorting og med prisjustering. Det bør vurderast å auka beløp for nokre tilskotsordningar som bidreg til framtidig berekraftige tenester.

Voss herad støttar framlegget om fjerna skuletilskotet og innlemma det i rammetilskotet.

Voss herad oppmodar også om at omfanget av statlege direktorat og tilsyn bør reduserast. Det finst om lag 70 ulike direktorat som har ansvar for ulike fagområde, som omfattar bl.a statleg forvalting, utvikling og rådgjeving til departementa. Dette har påverknad på kommunane fordi jo større og betre kapasitet direktorat og tilsyn har, jo meir kvalitetskrav, kontrollering og rapportering vert det. Forenkling av øyremerka tilskot vil også gje redusert administrativt arbeid for både statlege instansar og kommunar.

Den statlege styringa er prega av detaljar og silotenking. Staten si styring gjennom dagens departement bidreg til sektorstyring og silotenking i kommunane. Redusert statleg detaljstyring vil bidra positivt til at kommunane kan styra meir heilskapleg og framtidsretta.

Voss herad støttar opp om KS sitt høyringssvar til kommunekommisjonen i innspel på forslag i fyrste rapporten og til vidare utgreiingar til neste rapport. Unntak er innspel til lærarnormen der KS tilrår sekundærforslaget som er norm på kommunenivå, medan Voss i utgangspunktet tilrår å fjerna lærarnorm.

Voss herad oppmodar om å vurdera følgjande konkrete endringar med føremål om å redusera detaljstyring og letta administrativt arbeid:

| | **Framlegg til endring** | **Forklaring/døme** |
|---|---|---|
| Revisorgodkjenning av tilskot | Auka beløpsgrense for revisorgodkjenning på tilskot og spelemidlar til 1 mill.kr | Det blir brukt unødvendig mykje ressursar på revisorgodkjenning av relativt små beløp. |
| KOSTRA-rapportering | Nokre skjema bør endrast til rapportering kvart 2.eller 3.år | Det bør vurderast om årleg rapportering er føremålstenleg på alle område. Nokre skjema bør rapporterast om kvart 2. eller 3.år då kommunar ikkje har kapasitet til å gjera opptelling kvart år. |
| KOSTRA-rettleiar | Ny rettleiar må leggast fram innan utgangen av august. | I dag vert den lagt fram årleg i november. Dette er etter at kommunane har laga sine budsjett. Dette fører til unødvendig administrativt arbeid med å endre budsjett etter at det er laga. Ein meir standardisert nasjonal kontoplan hadde også forenkla økonomiarbeid i kommunane. |
| Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (merverdiavgifts-kompensasjonsloven) | Vurdera å avskaffe heile ordning med momskompensasjon for kommunar og heller auke rammetilskot. | Det blir brukt svært mykje ressursar på administrering, rapportering, revisjon og refusjonskrav. Å avvikle ordninga ville spart det offentlege for store ressursar i mange ledd. Dersom aktuelt må rammetilskot aukast for å kompensere for dette. |
| Refusjon ressurskrevjande tenester | Mal for oppstilling, utrekning og felles system bør lagast for å letta arbeidet for kommunane og sikra lik praksis | Kommunane må i dag etablera eigne utrekningar, tolka regelverket og laga eigne system som grunnlag for refusjonskrav. Det bør standardiserst og etablerast felles system for å letta administrativt arbeid og hindra ulik praksis. |
| Arbeidsmiljølov kap.18 | Kap. 18 bør forenklast og kommisjonen bør vurdera om straffegebyr til kommunar/offentlege | Voss fekk 200 000 kr i overtredelsesgebyr grunna manglande risikovurdering og dokumentasjon på kontroll for at byggleverandørar følgde løns- og |

| | | |
|---|---|---|
| | aktørar gjev tiltenkt nytte. | arbeidsvilkår. Dette skjer etter prekvalifisering og eigenerklæring frå leverandør. |
| Finansforetakslova/ Kapitaldekningsregelvert | Endre regelverk slik at risikovekt ved bankar sine utlån til norske kommunar vert satt til null. | Det er i realiteten ingen risiko ved utlån til norske kommunar. Det bør vurderast å endre regelverket slik at kapitalvekta for utlån til norske kommunar vert sett til 0 %. Dette på lik linje med regelverket i land som Danmark, Sverige og Finland.<br><br>Kapitalvekt på null vil føra til lågare marginar på innlån i til norske kommunar og soleis redusera renteutgifter. Svært mange norske kommunar brukar i dag markedsbasert finansiering for å oppnå tilsvarande lågt marginnivå. Bortfall av kapitalvekting ville forenkla innlån til kommunane då tradisjonelle banklån ville blitt billigare.<br><br>Det er eit paradoks at Kommunalbanken tilbyr banklån med risikovekt, samstundes som dei også er ein aktiv aktør og tilbyr lange obligasjonslån utan risikovekt |
| Eigedomsskattelova | Gjera det mogleg å differensiera promillesats mellom bustad og fritidsbustad | Mange kommunar brukar skatteetaten sitt grunnlag for verdsetting av bustader, som vert justert årleg. For fritidsbustader vert det i utgangspunktet gjort taksering kvart 10. år. Dette gjev ei skeivheit i verdigrunnlag, og promillesats bør kunne brukast for å utlikne dette. |
| Tillitsbaserte støtteordningar | Eksempel på god og enkel tilskotsforvalting. | Forskrift om tilskudd til Frivilligsentraler (FOR-2022-06-30-1272) er eit eksempel på forenkling til etterfylging. Her vart både søknad og rapportering forenkla til ein enkel eigenrapportering på at midlane som kommunane får vert overført til frivilligsentralen og at tilskotet er nytta etter forskrifta. |
| Lovgiving innan oppvekst | Ulike krav i lover og forskrifter innan skule og barnehage bør forenklast og oppdaterast | Ulike krav i lover og forskrifter er utdatert og stemmer ikkje med verkelegheita lenger og lova tek ingen omsyn til korleis det er å etterleva lovkrava i små kommunar med små skular og barnehagar. |

I likskap med KS, støttar ikkje Voss herad forslaget om innlemming av veterinærtilskot. Voss herad meiner det er kritisk for dyrevelferd, landbruksnæringa og beredskap, at tilskotet som vert gjeve spesielt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtenester, vert vidareført som øyremerka tilskot. Voss herad støttar Prestbakkmo og Ottervik si vurdering om å vidareutvikla ordninga.

Grunngjeving frå KS:
"KS støtter kommisjonens forslag til innlemming av øremerkede tilskudd, med unntak av forslaget om innlemming av veterinærtilskudd. Når det gjelder dette tilskuddet, anbefaler KS at den delen av tilskuddet som gis spesielt som stimuleringstilskudd til dekning av veterinærtjenester på dagtid i kommuner med svakt næringsgrunnlag videreføres som øremerket tilskudd. Det er bare om lag en fjerdedel av kommunene som oppfyller kriteriene for å søke om midler fra denne ordningen, og denne delen av tilskuddet faller derfor etter vår vurdering inn under kriteriene for når øremerking er hensiktsmessig. Tilskuddet er viktig for å bidra til tilfredsstillende tilgang på veterinærtjenester i næringssvake distriktskommuner"

Særmerknad frå Prestbakmo og Ottervik:
"Medlemmene Prestbakmo og Ottervik støtter ikke forslaget om å avvikle det øremerkede tilskuddet til veterinærtjenester og innlemme midlene i det generelle rammetilskuddet til kommunene. Selv om veterinærtjenester er en lovpålagt oppgave, vil en slik omlegging etter disse medlemmers vurdering vesentlig svekke kommunenes mulighet til å sikre et stabilt og forsvarlig veterinærtilbud, særlig i distriktene. For det første er veterinærberedskapen en kritisk samfunnsfunksjon. Veterinærer håndterer akutte dyrehelsehendelser, smitteutbrudd og dyrevelferdssaker som har direkte betydning for mattrygghet, landbruk og samfunnssikkerhet. Dette er tjenester som ikke kan tillates å variere etter lokale prioriteringer eller budsjettpress. Et øremerket tilskudd er det viktigste virkemiddelet staten har for å sikre en nasjonalt likeverdig beredskap. For det andre er veterinærmarkedet i store deler av landet preget av betydelig markedssvikt. Kommuner med lite næringsgrunnlag vil stå i reell fare for å miste døgnkontinuerlig veterinærvakt dersom midlene inngår i rammetilskuddet og dermed må konkurrere med andre kommunale behov. Risikoen er at denne lovpålagte oppgaven uten øremerkede midler blir underfinansiert. For det tredje er dagens ordning et resultat av et bredt politisk ønske om å sikre forutsigbarhet og nasjonal styring i en kritisk beredskapsfunksjon. Å fjerne øremerkingen vil redusere statens mulighet til å sikre at midlene faktisk brukes til formålet, og dermed øke risikoen for geografiske forskjeller, svekket rekruttering og redusert tjenestetilgjengelighet. På denne bakgrunn mener disse medlemmene at det øremerkede tilskuddet må opprettholdes og videreutvikles, ikke avvikles. Veterinærtjenestenes beredskapsrolle, markedssvikt i distriktene og behovet for nasjonal styring tilsier at øremerking fortsatt er det mest treffsikre og ansvarlige virkemiddelet"

Fjern følgjande avsnitt:
Voss herad støttar framlegget om å fjerna lærarnorm i skule. Å fjerna lærarnorm kan føra til at det vert mindre ressursar til generell undervisning grunna rettigheitspolitikk. Det har vore ein stor vekst barn som har rett på tilpassa undervisning. Det bør vurderast om lærarnorm på kommunenivå er naudsynt for å hindra at det generelle tilbodet vert svekka.

Erstatt avsnittet med:
Å fjerne lærarnorma vil bety færre lærarar per elev, som igjen betyr mindre tid til kvar enkelt, svekka læringsmiljø og større skilnadar mellom enkeltskular og kommunar. Ein fellesskule byggjer på at alle skal ha like moglegheiter uavhengig kva skule du går på eller kva kommune du bur i. Voss herad oppmodar kommunekommisjonen om å behalda lærarnorma, på skulenivå.

## 21/26 Temaplan for beitebruk i Voss herad 2026 - 2038 - endeleg handsaming

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Heradsstyre vedtek Beitebruksplan - Temaplan for Voss herad 2026 - 2038 slik den ligg vedlagt.

**Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 17.03.2026 - 14/26**
Voss heradsstyre vedtek Beitebruksplan - Temaplan for Voss herad 2026 - 2038 slik den ligg vedlagt.

Saksordførar: Hilde Selheim Lussand

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 19.03.2026 - 17/26**
Heradsstyre vedtek Beitebruksplan - Temaplan for Voss herad 2026 - 2038 slik den ligg vedlagt.

Ny tekst i kap. 6 Landbruket på Voss:
« 365 personar er sysselsette i primærnæringane …………………….. landbruket skjøttar». går ut.
Ny tekst:
Analyse-Raporten «Ringvirkninger av landbruksbasert næring i distriktene» skriven av Menon/ Agri for Landbruks- og matdepartementet kom i 2023. menon-rapport-77.-ringvirkninger-av-landbruksbasert-naring.pdf Den synleggjer kor viktig både jordbruk og skogbruksnæringen er både direkte, men også indirekte gjennom næringsveksemd i andre næringar. Tala frå analysen kan brukast for å gje gode overslag også i vårt herad. Bruttoproduktet frå jordbruket er på 136 millionar kroner, medan innkjøp frå næringa då la grunnlag for ca 86 millionar i verdiskaping i andre næringar. Det vert lagt ned 361 årsverk i primærnæringane i Voss herad. Analysen viser at det for kvart årsverk i landbuket vert skapt 0,31 årsverk hjå dei som er leverandørar og underleverandørar til landbruket. I Voss herad kan ein difor rekne ut at landbruket slik direkte skapar 112 arbeidsplassar. Sjølv om dette er ein beitebruksplan er det viktig å vere merksam på at landbruket også genererer verdiskaping og arbeidsplassar i næring knytt til skog, og turisme som ikkje kjem fram her. Landbruket er slik ein av berebjelkane i næringslivet på Voss og andre næringar er tett knytt til landbruket. Reiselivet er i stor grad bygd opp kring det landskapet som landbruket skjøttar.

Administrasjonen får fullmakt til å føreta redaksjonelle endringar knytt til tillegsframlegg.

Saksordførar Hilde Lussand Selheim

**Utval for kultur og næring 17.03.2026**

**Handsaming**

Samrøystes vedteke .

**UKN - 14/26 Vedtak**

Voss heradsstyre vedtek Beitebruksplan - Temaplan for Voss herad 2026 - 2038 slik den ligg vedlagt.

Saksordførar: Hilde Selheim Lussand

**Handsaming**

Endringsframlegg frå Sp., foreslått av Samson Hamre, Senterpartiet

Ny tekst i kap. 6 Landbruket på Voss:

« 365 personar er sysselsette i primærnæringane …………………….. landbruket skjøttar». går ut.

Ny tekst:

Analyse-Raporten «Ringvirkninger av landbruksbasert næring i distriktene» skriven av Menon/ Agri for Landbruks- og matdepartementet kom i 2023. menon-rapport-77.-ringvirkninger-av-landbruksbasert-naring.pdf Den synleggjer kor viktig både jordbruk og skogbruksnæringen er både direkte, men også indirekte gjennom næringsveksemd i andre næringar. Tala frå analysen kan brukast for å gje gode overslag også i vårt herad. Bruttoproduktet frå jordbruket er på 136 millionar kroner, medan innkjøp frå næringa då la grunnlag for ca 86 millionar i verdiskaping i andre næringar. Det vert lagt ned 361 årsverk i primærnæringane i Voss herad. Analysen viser at det for kvart årsverk i landbuket vert skapt 0,31 årsverk hjå dei som er leverandørar og underleverandørar til landbruket. I Voss herad kan ein difor rekne ut at landbruket slik direkte skapar 112 arbeidsplassar. Sjølv om dette er ein beitebruksplan er det viktig å vere merksam på at landbruket også genererer verdiskaping og arbeidsplassar i næring knytt til skog, og turisme som ikkje kjem fram her. Landbruket er slik ein av berebjelkane i næringslivet på Voss og andre næringar er tett knytt til landbruket. Reiselivet er i stor grad bygd opp kring det landskapet som landbruket skjøttar.

Tilleggspunkt, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Administrasjonen får fullmakt til å føreta redaksjonelle endringar knytt til tillegsframlegg.

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

Formannskap, plan og økonomi røysta over tilleggsframlegg frå Samson Hamre, Sp, samrøystes vedteke.

Formannskap røysta over tilleggsframlegg frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke.

**FPL - 17/26 Vedtak**

Heradsstyre vedtek Beitebruksplan - Temaplan for Voss herad 2026 - 2038 slik den ligg vedlagt.

Ny tekst i kap. 6 Landbruket på Voss:

« 365 personar er sysselsette i primærnæringane …………………….. landbruket skjøttar». går ut.

Ny tekst:

Analyse-Raporten «Ringvirkninger av landbruksbasert næring i distriktene» skriven av Menon/ Agri for Landbruks- og matdepartementet kom i 2023. menon-rapport-77.-ringvirkninger-av-landbruksbasert-naring.pdf Den synleggjer kor viktig både jordbruk og skogbruksnæringen er både direkte, men også

indirekte gjennom næringsveksemd i andre næringar. Tala frå analysen kan brukast for å gje gode overslag også i vårt herad. Bruttoproduktet frå jordbruket er på 136 millionar kroner, medan innkjøp frå næringa då la grunnlag for ca 86 millionar i verdiskaping i andre næringar. Det vert lagt ned 361 årsverk i primærnæringane i Voss herad. Analysen viser at det for kvart årsverk i landbuket vert skapt 0,31 årsverk hjå dei som er leverandørar og underleverandørar til landbruket. I Voss herad kan ein difor rekne ut at landbruket slik direkte skapar 112 arbeidsplassar. Sjølv om dette er ein beitebruksplan er det viktig å vere merksam på at landbruket også genererer verdiskaping og arbeidsplassar i næring knytt til skog, og turisme som ikkje kjem fram her. Landbruket er slik ein av berebjelkane i næringslivet på Voss og andre næringar er tett knytt til landbruket. Reiselivet er i stor grad bygd opp kring det landskapet som landbruket skjøttar.

Administrasjonen får fullmakt til å føreta redaksjonelle endringar knytt til tillegsframlegg.

Saksordførar Hilde Lussand Selheim

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Endringsframlegg på side 49, foreslått av Hilde Lussand Selheim, Uavhengig

Stryk;.

BaneNor har ikkje generell gjerdeplikt langs jernbana, men det kan vera særskilde rettsgrunnlag på enkelte strekningar som seier noko om dette.

Tilleggsforslag:, foreslått av Kari Nestaas Ruud, Senterpartiet

Voss Herad skal etablere eit lufteområde for hundar for å førebyggje laushundar i beiteområder i beiteperioden.

Spm om habilitet frå Gry Bystøl Gladheim, Margrethe Alm, Sv, og Oddbjørn Bratthole H, har site i referansegruppe. Heradsstyret røysta over habiliteten til G B Gladheim, M Alm og O Bratthole, repr vart samrøystes, med 40 røyster, funne gilde.

Heradsstyret røysta over innstilling frå formannskap, plan og økonomi, samrøystes vedteke.

Heradsstyret røysta over endringsframlegg frå Hilde Lussand Selheim, Uavh, samrøystes vedteke

Kari Nestaas Ruud trekte sitt framlegg i denne saka, framlegget vert sendt over som innspel til KPA.

**HST - 21/26 Vedtak**

Heradsstyre vedtek Beitebruksplan - Temaplan for Voss herad 2026 - 2038 slik den ligg vedlagt.

Ny tekst i kap. 6 Landbruket på Voss:

« 365 personar er sysselsette i primærnæringane …………………….. landbruket skjøttar». går ut.

Ny tekst:

Analyse-Raporten «Ringvirkninger av landbruksbasert næring i distriktene» skriven av Menon/ Agri for Landbruks- og matdepartementet kom i 2023. menon-rapport-77.-ringvirkninger-av-landbruksbasert-naring.pdf Den synleggjer kor viktig både jordbruk og skogbruksnæringen er både direkte, men også indirekte gjennom næringsveksemd i andre næringar. Tala frå analysen kan brukast for å gje gode overslag også i vårt herad. Bruttoproduktet frå jordbruket er på 136 millionar kroner, medan innkjøp frå næringa då la grunnlag for ca 86 millionar i verdiskaping i andre næringar. Det vert lagt ned 361 årsverk i primærnæringane i Voss herad. Analysen viser at det for kvart årsverk i landbuket vert skapt 0,31 årsverk hjå dei som er leverandørar og underleverandørar til landbruket. I Voss herad kan ein difor rekne ut at landbruket slik direkte skapar 112 arbeidsplassar. Sjølv om dette er ein beitebruksplan er det viktig å vere merksam på at landbruket også genererer verdiskaping og arbeidsplassar i næring knytt til skog, og turisme som ikkje kjem fram her. Landbruket er slik ein av berebjelkane i næringslivet på Voss og andre næringar er tett knytt til landbruket. Reiselivet er i stor grad bygd opp kring det landskapet som landbruket skjøttar.

Administrasjonen får fullmakt til å føreta redaksjonelle endringar knytt til tillegsframlegg.

Stryk på s 49;

BaneNor har ikkje generell gjerdeplikt langs jernbana, men det kan vera særskilde rettsgrunnlag på enkelte strekningar som seier noko om dette.

## 22/26 Detaljreguleringsplan for fv 5402 Ringheimsvegen, planid 2023004 - godkjenning av plan

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner Voss heradsstyre detaljreguleringsplan for fv. 5402 Ringheimsvegen - planid 2023004, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 26.02.26, signert Sweco AS.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 19.03.2026 - 19/26**

I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner Voss heradsstyre detaljreguleringsplan for fv. 5402 Ringheimsvegen - planid 2023004, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 26.02.26, signert Sweco AS.

Saksordførar: Tommy Mo Aarethun

**Formannskapet, Plan og økonomi 19.03.2026**

**Handsaming**

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke med 8 røyster.

**FPL - 19/26 Vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner Voss heradsstyre detaljreguleringsplan for fv. 5402 Ringheimsvegen - planid 2023004, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 26.02.26, signert Sweco AS.

Saksordførar: Tommy Mo Aarethun

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Heradsstyret røysta over innstilling frå Formannskap, plan og økonomi, samrøystes vedteke.

**HST - 22/26 Vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner Voss heradsstyre detaljreguleringsplan for fv. 5402 Ringheimsvegen - planid 2023004, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 26.02.26, signert Sweco AS.

## 23/26 Kvalitetsmelding for Vossaskulen skuleåret 2024/2025

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Heradstyret tek kvalitetsmeldinga til vitande.

**Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 28.01.2026 - 05/26**
Heradstyret tek kvalitetsmeldinga til vitande.

Saksordførar i HST,  Erik Flage

**Utval for levekår 28.01.2026**

**Handsaming**

Utval for levekår tek kvalitetsmeldinga til vitande.

Samrøystes vedteke med 8 røyster.

**LEV - 05/26 Vedtak**

Heradstyret tek kvalitetsmeldinga til vitande.

Saksordførar i HST, Erik Flage

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Tilleggsframlegg, foreslått av Dag Sandvik, Sosialistisk venstreparti

Heradsstyret ber om at me i neste rapport får:

- tal på lærartettleik på skulenivå
- tal på skulefråvær på skulenivå
- alle tal, der det er tilgjengeleg, vist i eit 10-års perspektiv

Endra tilleggsframlegg, foreslått av Dag Sandvik, Sosialistisk venstreparti

Heradsstyret ber om at me i neste rapport får:

- tal på lærartettleik på skulenivå
- alle tal, der det er tilgjengeleg, vist i eit 10-års perspektiv

Heradsstyret røysta over innstilling frå Utval for levekår, samrøystes vedteke.

Heradsstyret røysta over endra tilleggspunkt frå Dag Sandvik, Sv, samrøystes vedteke.

**HST - 23/26 Vedtak**

Heradstyret tek kvalitetsmeldinga til vitande.

Heradsstyret ber om at me i neste rapport får:

- tal på lærartettleik på skulenivå

alle tal, der det er tilgjengeleg, vist i eit 10-års perspektiv

## 24/26 Lærlingstrategi

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Voss heradsstyre vedtek "lærlingstrategi for Voss herad" med vedlegg slik den ligg føre med følgjande hovudmål:
Voss herad skal satsa på lærlingar slik at ein utdannar faglært arbeidskraft for å sikre rekruttering og kvalitet i dei kommunale tenestene i framtida.
Og delmål: auka tal lærlingar i Voss herad til minst to lærlingar per 1000 innbyggar
Rådmannen vert bedt om å innarbeide to lærlingar per 1000 innbyggar i neste økonomiplanperiode.

**Vedtak som innstilling frå Ungdomsrådet, 26.01.2026 - 05/26**
Ungdomsrådet støttar lærlingsstrategien slik den ligg føre no.
**Vedtak som innstilling frå Innvandrarråd, 26.01.2026 - 06/26**
I tillegg til det som står i strategien, mener Innvandrarrådet at:
Kommunen skal ha ein meir aktiv rolle i å oppfordre ufaglærte arbeidstaker til å bli praksiskandidater.
Elevar som med utfordringar i skulevegring og innvandrarar som ikkje har gått læreløpet i heimlandet er viktige målgrupper.
Kommunen skal

- Kartlegge kommunale ufaglærte ansatte som kan potensielt bli praksiskandidater og informere om muligheter for å ta fagprøve
- Jobbe for at private og kommunale arbeidsgivere skal ha meir kunnskap om læringsløpet
    - Praksiskandidater får informasjon tidleg av arbeidgjevar om mulighet å ta fagbrev etter 5 år yrkeserfaring
    - Informere om insentiver for bedrifter: får økt kompetanse, beholde arbeidstakar over lengre tid

Informere om insentiver for arbeidstakarar: økt lønn, økt kompetanse

**Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 26.01.2026 - 05/26**
Voss heradsstyre vedtek "lærlingstrategi for Voss herad" med vedlegg slik den ligg føre med følgjande hovudmål:
Voss herad skal satsa på lærlingar slik at ein utdannar faglært arbeidskraft for å sikre rekruttering og kvalitet i dei kommunale tenestene i framtida.
Og delmål: auka tal lærlingar i Voss herad til minst to lærlingar per 1000 innbyggar
Rådmannen vert bedt om å innarbeide to lærlingar per 1000 innbyggar i neste økonomiplanperiode.

Merknader frå RMMNF:

RMMNF er positiv til lærlingstrategien og har desse innspela til saka i høve fullføringsretten og ny opplæringslov (2024). Den nye opplæringslova styrkar retten til tilpassa opplæring og krav om gode overganger mellom skule og bedrift.
Tilrettelegging for elevar med funksjonsvariasjon - Lova krev at opplæringa skal vera inkluderande og tilpassa kvar elev. Bedrifter må ha kompetanse og ressursar til å gje nødvendig tilrettelegging t.d. til fysisk tilpassing, arbeidsoppgåver og støttepersonar. Ein bør få istand system for samarbeid mellom

skule, bedrift og PPT og andre aktuelle instanser for å sikra kontinuitet i tilrettelegginga. Rådet visar til samfunnsansvaret med å få fleire i arbeid. og eit sæskild fokus på dei som treng ei anna dør inn. Tiltak for å sikra gode overganger mellom skule og lærlingsbedrift: planlagde overgangsmøter, individuell plan og oppfølging frå skulen i læretida med å ha ein fast kontaktperson.

**Vedtak som innstilling frå Administrasjonsutvalet, 29.01.2026 - 03/26**
Voss heradsstyre vedtek "lærlingstrategi for Voss herad" med vedlegg slik den ligg føre med følgjande hovudmål:
Voss herad skal satsa på lærlingar slik at ein utdannar faglært arbeidskraft for å sikre rekruttering og kvalitet i dei kommunale tenestene i framtida.
Og delmål: auka tal lærlingar i Voss herad til minst to lærlingar per 1000 innbyggar
Rådmannen vert bedt om å innarbeide to lærlingar per 1000 innbyggar i neste økonomiplanperiode.

Heradsstyre ber administrasjonen innarbeida følgande punkt i lærlingestrategien, under kapitellet om marknadsføring:

Informera leiarar og ufaglærte tilsette om moglegheita til å ta fagprøve gjennom ulike opplæringsmodellar.
Arbeida for at private og kommunale arbeidsgivarar skal ha meir kunnskap om vegane til fagbrev og kompetansebevis.

Saksordførar Benedicte Kragh

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 26.01.2026**

**Handsaming**

RMNF - innspel til lærlingstrategi, foreslått av Aud Marit Netteland, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF er positiv til lærlingstrategien og har desse innspela til saka i høve fullføringsretten og ny opplæringslov (2024). Den nye opplæringslova styrkar retten til tilpassa opplæring og krav om gode overganger mellom skule og bedrift.

Tilrettelegging for elevar med funksjonsvariasjon - Lova krev at opplæringa skal vera inkluderande og tilpassa kvar elev. Bedrifter må ha kompetanse og ressursar til å gje nødvendig tilrettelegging t.d. til fysisk tilpassing, arbeidsoppgåver og støttepersonar. Ein bør få istand system for samarbeid mellom skule, bedrift og PPT og andre aktuelle instanser for å sikra kontinuitet i tilrettelegginga. Rådet visar til samfunnsansvaret med å få fleire i arbeid. og eit sæskild fokus på dei som treng ei anna dør inn.

Tiltak for å sikra gode overganger mellom skule og lærlingsbedrift: planlagde overgangsmøter, individuell plan og oppfølging frå skulen i læretida med å ha ein fast kontaktperson.

Rådet røysta over endringsframlegg frå Aud Marit N, samrøystes vedteke med 5 røyster.

Rådmann sitt framlegg til vedtak med endringsframlegg,  samrøystes vedteke med 5 røyster.

**KRMNF - 05/26 Vedtak**

Voss heradsstyre vedtek "lærlingstrategi for Voss herad" med vedlegg slik den ligg føre med følgjande hovudmål:
Voss herad skal satsa på lærlingar slik at ein utdannar faglært arbeidskraft for å sikre rekruttering og kvalitet i dei kommunale tenestene i framtida.
Og delmål: auka tal lærlingar i Voss herad til minst to lærlingar per 1000 innbyggar

Rådmannen vert bedt om å innarbeide to lærlingar per 1000 innbyggar i neste økonomiplanperiode.

Merknader frå RMMNF:

RMMNF er positiv til lærlingstrategien og har desse innspela til saka i høve fullføringsretten og ny opplæringslov (2024). Den nye opplæringslova styrkar retten til tilpassa opplæring og krav om gode overganger mellom skule og bedrift.

Tilrettelegging for elevar med funksjonsvariasjon - Lova krev at opplæringa skal vera inkluderande og tilpassa kvar elev. Bedrifter må ha kompetanse og ressursar til å gje nødvendig tilrettelegging t.d. til fysisk tilpassing, arbeidsoppgåver og støttepersonar. Ein bør få istand system for samarbeid mellom skule, bedrift og PPT og andre aktuelle instanser for å sikra kontinuitet i tilrettelegginga. Rådet visar til samfunnsansvaret med å få fleire i arbeid. og eit sæskild fokus på dei som treng ei anna dør inn.

Tiltak for å sikra gode overganger mellom skule og lærlingsbedrift: planlagde overgangsmøter, individuell plan og oppfølging frå skulen i læretida med å ha ein fast kontaktperson.

**Innvandrarråd 26.01.2026**

**Handsaming**

Endringsframlegg Lærlingstrategi, foreslått av Nicole Anne Fraser Dube, Innvandrarråd

I tillegg til det som står i strategien, mener Innvandrarrådet at:

Kommunen skal ha ein meir aktiv rolle i å oppfordre ufaglærte arbeidstaker til å bli praksiskandidater. Elevar som med utfordringar i skulevegring og innvandrarar som ikkje har gått læreløpet i heimlandet er viktige målgrupper.

Kommunen skal

- Kartlegge kommunale ufaglærte ansatte som kan potensielt bli praksiskandidater og informere om muligheter for å ta fagprøve
- Jobbe for at private og kommunale arbeidsgivere skal ha meir kunnskap om læringsløpet
    - Praksiskandidater får informasjon tidleg av arbeidgjevar om mulighet å ta fagbrev etter 5 år yrkeserfaring
    - Informere om insentiver for bedrifter: får økt kompetanse, beholde arbeidstakar over lengre tid
    - Informere om insentiver for arbeidstakarar: økt lønn, økt kompetanse

Innvandrarrådet røysta over endringsframlegg frå Nicole Dube, samrøystes vedteke.

**INV - 06/26 Vedtak**

I tillegg til det som står i strategien, mener Innvandrarrådet at:

Kommunen skal ha ein meir aktiv rolle i å oppfordre ufaglærte arbeidstaker til å bli praksiskandidater. Elevar som med utfordringar i skulevegring og innvandrarar som ikkje har gått læreløpet i heimlandet er viktige målgrupper.

Kommunen skal

- Kartlegge kommunale ufaglærte ansatte som kan potensielt bli praksiskandidater og informere om muligheter for å ta fagprøve
- Jobbe for at private og kommunale arbeidsgivere skal ha meir kunnskap om læringsløpet
    - Praksiskandidater får informasjon tidleg av arbeidgjevar om mulighet å ta fagbrev etter 5 år yrkeserfaring
    - Informere om insentiver for bedrifter: får økt kompetanse, beholde arbeidstakar over lengre tid

Informere om insentiver for arbeidstakarar: økt lønn, økt kompetanse

**Ungdomsrådet 26.01.2026**

**Handsaming**

Samrøystes vedteke.

**UNG - 05/26 Vedtak**

Ungdomsrådet støttar lærlingsstrategien slik den ligg føre no.

**Administrasjonsutvalet 29.01.2026**

**Handsaming**

Tilleggspunkt under kapittel om marknadsføring: , foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

Heradsstyre ber administrasjonen innarbeida følgande punkt i lærlingestrategien, under kapitellet om marknadsføring:

Informera leiarar og ufaglærte tilsette om moglegheita til å ta fagprøve gjennom ulike opplæringsmodellar.

Arbeida for at private og kommunale arbeidsgivarar skal ha meir kunnskap om vegane til fagbrev og kompetansebevis.

Administrasjonsutvalet røysta over rådmannnen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

Admininstrasjonsutvalet røysta over tilleggsframlegg frå Benedicte Kragh, Ap, samrøystes vedteke.

**ADM - 03/26 Vedtak**

Voss heradsstyre vedtek "lærlingstrategi for Voss herad" med vedlegg slik den ligg føre med følgjande hovudmål:
Voss herad skal satsa på lærlingar slik at ein utdannar faglært arbeidskraft for å sikre rekruttering og kvalitet i dei kommunale tenestene i framtida.
Og delmål: auka tal lærlingar i Voss herad til minst to lærlingar per 1000 innbyggar

Rådmannen vert bedt om å innarbeide to lærlingar per 1000 innbyggar i neste økonomiplanperiode.

Heradsstyre ber administrasjonen innarbeida følgande punkt i lærlingestrategien, under kapitellet om marknadsføring:

Informera leiarar og ufaglærte tilsette om moglegheita til å ta fagprøve gjennom ulike opplæringsmodellar.

Arbeida for at private og kommunale arbeidsgivarar skal ha meir kunnskap om vegane til fagbrev og kompetansebevis.

Saksordførar Benedicte Kragh

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Heradsstyret røysta over innstilling frå Administrasjonsutvalet, samrøystes vedteke.

**HST - 24/26 Vedtak**

Voss heradsstyre vedtek "lærlingstrategi for Voss herad" med vedlegg slik den ligg føre med følgjande hovudmål:
Voss herad skal satsa på lærlingar slik at ein utdannar faglært arbeidskraft for å sikre rekruttering og kvalitet i dei kommunale tenestene i framtida.
Og delmål: auka tal lærlingar i Voss herad til minst to lærlingar per 1000 innbyggar

Rådmannen vert bedt om å innarbeide to lærlingar per 1000 innbyggar i neste økonomiplanperiode.

Heradsstyre ber administrasjonen innarbeida følgande punkt i lærlingestrategien, under kapitellet om marknadsføring:

Informera leiarar og ufaglærte tilsette om moglegheita til å ta fagprøve gjennom ulike opplæringsmodellar.

Arbeida for at private og kommunale arbeidsgivarar skal ha meir kunnskap om vegane til fagbrev og kompetansebevis.

## 25/26 Ny forskrift om gebyr for brannførebygging - Voss herad - Vestland

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Voss heradsstyre opphevar gjeldande forskrift om gebyr for gjennomføring av feie- og tilsynstenester i Voss herad, 14.06.19.
2. Voss heradsstyre vedtek ny forskrift om gebyr for brannforebygging, Voss herad, Vestland, og forskrifta vert publisert i Norsk Lovtidend.

**Vedtak som innstilling frå Utval for klima, miljø og beredskap, 28.01.2026 - 04/26**

1. Voss heradsstyre opphevar gjeldande forskrift om gebyr for gjennomføring av feie- og tilsynstenester i Voss herad, 14.06.19.
2. Voss heradsstyre vedtek ny forskrift om gebyr for brannforebygging, Voss herad, Vestland, og forskrifta vert publisert i Norsk Lovtidend.

Saksordførar i HST, Helena Elvatun

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Heradsstyret røysta over innstilling frå Utval for klima, miljø og beredskap, samrøystes vedteke.

**HST - 25/26 Vedtak**

1. Voss heradsstyre opphevar gjeldande forskrift om gebyr for gjennomføring av feie- og tilsynstenester i Voss herad, 14.06.19.

Voss heradsstyre vedtek ny forskrift om gebyr for brannforebygging, Voss herad, Vestland, og forskrifta vert publisert i Norsk Lovtidend.

## 27/26 Supplering til vedteken møteplan 2026 - rådsmøte i møtebolk september 2026

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Heradsstyret vedtek at det i møteplan 2026 vert lagt til møte for råda i møtebolk august / september med møtedato 31. august 2026.

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Heradsstyret røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

**HST - 27/26 Vedtak**

Heradsstyret vedtek at det i møteplan 2026 vert lagt til møte for råda i møtebolk august / september med møtedato 31. august 2026.

## 28/26 Suppleringsval - vararepresentant til Interkommunalt arkiv i Hordaland

**Leiar i valnemda sitt framlegg til vedtak:**

Heradsstyret innstiller Irene Furesund, konsulent Innbyggjarservice, som 1. vararepresentant til representantskapet i Interkommunalt arkiv Hordaland.

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Heradsstyret røysta over leiar i valnemnda sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

**HST - 28/26 Vedtak**

Heradsstyret vel Irene Furesund, konsulent Innbyggjarservice, som 1. vararepresentant til representantskapet i Interkommunalt arkiv Hordaland.

## 29/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Samrøystes vedteke.

**HST - 29/26 Vedtak**

Referatsakene vert tatt til orientering.

## 30/26 Ymse

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

**HST - 30/26 Vedtak**

## 02/26 Interpellasjon frå Håvard Skattum, Sv - behalde våre studentar som innbyggjarar i Voss herad

**Beholde våre studenter som innbyggere på Voss**

Flere vossinger studerer på høgskoler og universiteter over hele landet. Kommunene de flytter til vil veldig gjerne ha dem til å melde flytting til sin kommune. Overføringene fra Staten til kommunene gis blant annet etter hvor mange innbyggere hver kommune har. Rammetilskuddet fra Staten i 2026 til Voss herad er budsjettert med ca 45.000,- kr per innbygger. Vi taper altså ca 45.000,- kr (hvis alt i rammebudsjettet er beregnet ut i fra antall innbyggere) for hver student som melder flytting til annen kommune.

Vossinger som studerer i andre kommuner kan velge om de vil være folkeregistrert der de kom fra, ofte adressen der foreldrene bor, eller der de studerer. Kommuner med mange studenter lokker studentene til å melde flytting til sine kommuner med forskjellige økonomiske fordeler, blant annet gratis kollektivtransport et helt år (eks. Ålesund og Lillehammer). For Voss herad vil det være en helt klar økonomisk gevinst å kunne utligne eller tilby noe lignede til

vossastudenter som studerer i andre kommuner mot at de forblir folkeregistrert på Voss.

Forslag til vedtak:
Heradsstyret ber rådmannen greie ut ei sak om korleis me kan halde vossingar som studerer i andre kommunar folkeregistrert på Voss.

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Ordførar ynskjer å takka interpellanten for å løfta ei problemstilling som me opplev at fleire kommunar drøftar. Eg har stødd meg på administrasjonen til å gjera ei overordna vurdering av problemstillinga.

Mange studentar flyttar mellombels til ein annan kommune i samband med studium. Dette reiser spørsmål om kvar dei bør vera registrerte i folkeregisteret, og om kommunen bør oppmoda dei til å halda fram som registrerte innbyggjarar i heimkommunen.

**Problemstilling**
Bør kommunen aktivt oppmoda studentar til å ikkje melda flytting til studiekommunen, for å oppretthalda folketal og tilhøyrande rammetilskot?

**Vurdering**

**1. Juridiske og prinsipielle omsyn**
Folkeregisterlova legg til grunn at ein person skal vera registrert der han eller ho faktisk bur mesteparten av tida. Å oppmoda til feilregistrering kan vera i strid med lovverket og undergrava tilliten til offentlege register.

**2. Økonomiske konsekvensar for kommunen**
Kommunen sine inntekter frå rammetilskot og skatteinntekter er delvis baserte på folketal. Dersom mange studentar melder flytting, kan dette gje reduserte inntekter. Innbyggartilskotet er på ca. 34 000 kr. Voss har 16 438 innbyggjarar. Det kan vera sannsynleg at det er rundt 1 000 studentar som kjem frå Voss som bur i andre kommunar. Det er likevel ikkje sannsynleg at alle har meldt flytting eller vil endra tilbake til Voss. Dersom 100 studentar hadde endra tilbake til folkeregistrert adresse på Voss kan det utgjere 3,4 mill.kr. Samstundes er det studiekommunen som ber mykje av kostnadene knytt til desse innbyggjarane i studietida.

| | Personer |
|---|---|
| | 2026 |
| | K-4621 Voss |
| 15-19 år | 1 040 |
| 20-24 år | 906 |
| 25-29 år | 825 |

**3. Etiske vurderingar**
Å oppmoda innbyggjarar til å registrera feil bustad kan utfordra kommunen si rolle som truverdig og ansvarleg forvaltar. Offentlege styresmakter bør leggja til rette for korrekt registrering og god informasjon, ikkje strategisk tilpassing av regelverket.

**4. Langsiktige omsyn**
Ein open og korrekt praksis kan styrkja kommunen sitt omdømme og tillit. I tillegg kan tiltak som gjer kommunen attraktiv å flytta tilbake til etter studium vera meir berekraftige enn kortsiktige tiltak knytt til folkeregistrering.

**5. Studentane sitt perspektiv**
Studentar kan ha legitime grunnar til å halda tilknyting til heimkommunen, til dømes familie, deltidsjobb eller planar om å flytta tilbake. Samstundes kan det vera fordelar ved å vera registrert i studiekommunen, til dømes tilgang til tenester.

**Tilråding**
Det vert ikkje tilrådd at kommunen oppmodar studentar til å unnlata å melda flytting dersom dei faktisk bur i ein annan kommune. Kommunen bør i staden:

- Gje tydeleg og korrekt informasjon om regelverket
- Arbeida for å halda kontakt med utflytta studentar
- Utvikla tiltak som gjer det attraktivt å flytta tilbake etter studium

**Konklusjon**
Sjølv om folketalsutvikling har økonomiske konsekvensar, bør kommunen leggja vekt på lovverk, etikk og langsiktig tillit. Aktiv oppmoding til feilregistrering vert ikkje vurdert som eit forsvarleg tiltak. Ordførar stør denne konklusjonen, og ber heradsstyret om å ha fokus på dei tre tilrådde punkta over.

Heradsstyret røysta over framlegg til vedtak frå Håvard Skattum, Sv, samrøystes vedteke.

**HST - 02/26 Vedtak**

Heradsstyret ber rådmannen greie ut ei sak om korleis me kan halde vossingar som studerer i andre kommunar folkeregistrert på Voss.

## 03/26 Interpellasjon frå Håvard Skattum, Sv - utgreiing av mulig auka politisk handsaming av søknadar om landbruksvegar

**Interpellasjon om utgreiing av mulig økt politisk handsaming av søknader om landbruksvegar**

I de siste årene har oppmerksomheten om bygging av landbruksveier (skogsbilveier, traktorveier o.l.) økt. Her på Voss kan den påbegynte skogsbilveien i Gulleikstreet, søknaden om å bygge

traktorvei i Gungane og planleggingen av å bygge en skogsbilvei mellom Raugstad og Mølster nevnes. Felles for alle disse er at flere innbyggere og organisasjoner har ment at slike utbygginger bør ut på en bred høring og at deres stemme skal bli hørt. Samtidig har det blitt økt fokus på natures egenverdi og at den verdien i større grad må veies opp mot den økonomiske verdien til de som skal ha nytte av den tiltenkte veien.

Søknader om landbruksveier skal behandles i henhold til Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvei. I desember 2023 definerte Kommunal- og distriktsdepartementet at noen langbruksveisaker vil kunne utløse krav om vanlig reguleringsplan. Innvilget søknad om bygging av landbruksvei gir mulighet til å søke om statlig tilskudd for å bygge veien. For den 1,7 km lange skogsbilveien i Gulleikstreet var tilskuddet på 960.000,- kr.

I de neste to tiår vil granskogene som ble plantet etter krigen være klar for å hugges ned og fraktes ut. Derfor vil det mest trolig bli langt flere søknader om å bygge skogsbilveier for å komme nærmest der skogen blir hugget. Kystskogbruket har i Melding om kystskogsbruket 2022 meldt at det er planlagt 1090 km med skogsbilveier bare i Vestland fylke.

Bygging av nye veier inn i naturen er inngrep som får økende oppmerksomhet. Det blir oppfattet som store inngrep i naturen, samtidig som skogen som skal hugges har store verdier for grunneierne. Voss herad har fram til nå latt administrasjonen selv saksbehandlet og vedtatt bygging av alle typer landbruksveier. Heradet har i leseinnlegg fått kritikk for en for snever høringspraksis.

Voss SV mener tiden er moden for å vurdere om flere av landbruksveisakene bør bli løftet til politisk behandling. Hvor grensegangen mellom hva administrasjonen selv kan beslutte og hva som bør opp til beslutning i et politisk organ er vanskelig for oss som ikke har den hele og fulle oversikt over alle sakene. SV vil derfor i denne omgang be som at rådmannen utgreier en sak som kan gi heradstyret en mulighet til å fatte et vedtak om mulig økt politisk beslutningen i disse sakene.

Forslag til vedtak:
Heradsstyret ber rådmannen greie ut ei sak om økt politisk handsaming av søknader til bygging av alle type landbruksvega

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Forskrifta om planlegging og godkjenning av landbruksvegar legg til grunn at kommunen skal handtera desse sakene administrativt, med Statsforvaltaren som klageinstans. Heile systemet er laga for å sikra fagleg vurdering, skjøn og konsistent praksis. Om me vel å løfta store delar av desse sakene inn i politiske organ, vil me i praksis bryta med strukturen som forskrifta byggjer på, utan at lovverket krev eller tilrår ei slik løysing.

Det er internt i heradet nyleg vore ein gjennomgang av sakshandsaminga når det gjeld landbruksvegar. Denne sakshandsaminga inneheld fleire ledd, inkludert spørsmålet om ei sak skal handsamast politisk eller ikkje. Før ein starta ei sak rundt tematikken vil me føreslå at det vert orientert om prosess og regelverk i relevante politiske utval og at det på grunnlag av den informasjonen vert

vurdert om det er trong for ei eiga sak. Ei eventuell sak vil fyrst kunna vera klar for handsaming i 2027.

Iril S. Johansen, H, bad om vurdering av habilitet som sakshandsamar. Heradsstyret røysta over I Johansen sin habilitet og repr. vart samrøystes, med 41 røyster funnen ugild.

Håvard Skattum, Sv, trekte sitt framlegg til vedtak.

**HST - 03/26 Vedtak**

Heradsstyret tok, samrøystes, interpellasjonen til vitande.

## 04/26 Interpellasjon frå Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg - retningslinjer for bierverv i leiande og særleg uavhengige stillingar i Voss herad

**Interpellasjon – Retningslinjer for bierverv i ledende og særlig uavhengige stillinger i Voss herad**

Heradstyret er øverste arbeidsgiver i Voss herad og har et særskilt ansvar for at kommunen har et tydelig og forutsigbart regelverk for bierverv, særlig for ledende og uavhengige stillinger. Dette er avgjørende både for tilliten til forvaltningen og for å sikre et fullt forsvarlig arbeidsmiljø.

Ansvaret for et trygt og forsvarlig arbeidsmiljø er forankret i arbeidsmiljøloven § 4-1 første ledd. Etter § 2-1 har arbeidsgiver plikt til å sørge for at lovens krav blir overholdt. Dette innebærer også en plikt til å ha oversikt over den samlede arbeidsbelastningen arbeidstakeren er utsatt for.

For stillinger som er unntatt arbeidstidsbestemmelsene, jf. arbeidsmiljøloven § 10-12 første og andre ledd, ligger det et særlig ansvar på arbeidsgiver for å sikre at arbeidstidsordningen er forsvarlig, og at arbeidstakeren ikke utsettes for uheldige fysiske eller psykiske belastninger, jf. §§ 4-1 og 4-2 første ledd. Dette forutsetter at arbeidsgiver følger opp den samlede arbeidsmengden og vurderer forhold som kan føre til rollekonflikter, habilitetsutfordringer eller uforsvarlig arbeidspress.

Nylig har vi sett tydelige eksempler på at ansatte i Voss herad har omfattende bierverv utenfor kommunen. Eystein Hauge er samtidig styreleder, eier og partner i et konsulentselskap med en årlig omsetning på nær 11 millioner kroner. I tillegg har han en 100 prosent stilling som kommuneoverlege i Voss herad og arbeider som legevaktslege i Bergen. Fra september er det varslet at Hauge også skal gå inn i en 50 prosent stilling som kommuneoverlege i Kvam.

Helsedirektoratet anbefaler i sin veileder at kommuner som samarbeider om kommuneoverlegefunksjonen, deler stillingsressursen mellom seg. I dette tilfellet ligger det an til en samlet stillingsprosent på 150. Dette kan gi en arbeidssituasjon med svært høy samlet belastning, noe som kan gå ut over både kapasitet, tilgjengelighet og et forsvarlig arbeidsmiljø.

På denne bakgrunnen bes det om en politisk avklaring av hvordan Voss herad skal regulere bierverv i ledende og særlig uavhengige stillinger.

Jeg ber om at heradstyret får lagt frem en sak der administrasjonen:
• gjør rede for gjeldende regelverk og praksis for bierverv i Voss herad
• vurderer om dagens ordninger i tilstrekkelig grad sikrer arbeidsgiver oversikt over samlet arbeidsbelastning for stillinger som er unntatt arbeidstidsbestemmelsene
• legger frem forslag til tydelige retningslinjer for bierverv i ledende og særlig uavhengige stillinger, slik at man sikrer et fullt forsvarlig arbeidsmiljø og unngår rollekonflikter og habilitetsutfordringe

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Det vert vist til interpellasjon om behov for politisk avklaring og eventuelle retningsliner for bierverv i leiande og særleg uavhengige stillingar i Voss herad.

Interpellasjonen reiser prinsipielle spørsmål om arbeidsgjevaransvar, arbeidsmiljø, habilitet og tillit til forvaltninga. Samstundes er det viktig å klargjera rolle- og ansvarsfordelinga mellom heradsstyret og rådmannen.

**Rolle- og ansvarsfordeling**

Etter § 13-1 i Kommunelova er rådmannen øvste leiar for administrasjonen og har det samla og løypande arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i kommunen.

Dette inneber:

- Heradsstyret er øvste organ og fastset overordna mål, strategiar og arbeidsgjevarpolitikk.
- Rådmannen har det operative arbeidsgjevaransvaret.
- Vurderingar av enkelttilsette sine arbeidsforhold, arbeidsbelastning og bierverv er administrative arbeidsgjevarsaker.

Politiske organ kan ikkje instruere i enkeltsaker som gjeld konkrete tilsette, med unntak av rådmannen sjølv.

Eventuelle generelle retningsliner for bierverv kan fastsetjast politisk som del av overordna arbeidsgjevarpolitikk. Konkrete vurderingar og oppfølging vil likevel liggja til administrasjonen.

**Rettsleg rammeverk**

*Arbeidsmiljøansvar*

Arbeidsgjevar sitt ansvar etter arbeidsmiljølova omfattar mellom anna:

§ 4-1: Krav om fullt forsvarleg arbeidsmiljø

§ 2-1: Arbeidsgjevar si plikt til å sikra at lova vert følgd

§ 10-12: Unntak frå arbeidstidsreglane for leiande og særleg uavhengige stillingar

For stillingar som er unntatt arbeidstidsføresegnene, fell ikkje arbeidsgjevaransvaret bort. Tvert imot krev slike stillingar særleg merksemd på:

- samla arbeidsbelastning
- risiko for uheldige fysiske eller psykiske belastningar
- forsvarleg organisering av arbeidet

*Habilitet og rollekonflikt*

Bierverv kan reise spørsmål om:

- habilitet i enkeltsaker
- rollekonflikt
- omdøme og tillit
- konkurrerande interesser

Dette vert vurdert konkret etter gjeldande rett og interne reglement.

*Bierverv – generelle prinsipp*

Bierverv er i utgangspunktet tillate. Arbeidsgjevar kan likevel setja avgrensingar dersom biervervet:

- Går ut over arbeidsprestasjon eller kapasitet
- Skaper habilitetsutfordringar
- Medfører rollekonflikt
- Svekkjer tillit til forvaltninga
- Medfører uforsvarleg samla arbeidsbelastning

Vurderingane må gjerast konkret og individuelt, og er ein del av det løypande arbeidsgjevaransvaret.

*Avgrensing mot enkeltsaker*

Interpellasjonen viser til konkrete stillingar og namngjeven tilsett.

Rådmannen vil presisera at:

- Vurderingar av arbeidsbelastning, bierverv og eventuelle avgrensingar for enkelttilsette er administrative personalsaker.
- Slike forhold vert handtert innanfor arbeidsgjevaransvaret og etter gjeldande lovverk.
- Personalsaker er ikkje eigna for politisk behandling.

Heradsstyret bør difor avgrensa si handsaming til overordna og prinsipielle spørsmål.

*Vurdering av behov for retningsliner*

Administrasjonen kan leggje fram ei prinsipiell sak som:

- gjer greie for gjeldande regelverk og praksis
- vurderer om dagens ordningar gjev tilstrekkeleg oversikt og styring
- eventuelt foreslår presiseringar eller nye retningsliner for leiande og særleg uavhengige stillingar

Eventuelle retningsliner bør:

- vera generelle og føreseielege
- ivareta arbeidsmiljøomsyn
- redusere risiko for habilitets- og rollekonflikt
- samstundes respektere styringslinjene i kommunelova

**Konklusjon**

Rådmannen har det løypande arbeidsgjevaransvaret, inkludert vurdering av bierverv og samla arbeidsbelastning for enkelttilsette.

Heradsstyret kan fastsetja overordna arbeidsgjevarpolitiske retningsliner.

Politiske organ kan ikkje instruera administrasjonen i konkrete personalsaker.

Administrasjonen kan, dersom heradsstyret ynskjer det, leggja fram ei prinsipiell sak om retningsliner for bierverv i leiande og særleg uavhengige stillingar. Dette bør gjerast gjennom administrasjonsutvalet som er eit partssamansett utval, før handsaming i heradsstyret. Av omsyn til kapasitetsutfordringar i administrasjonen knytt til organisasjonsgjennomgang og omstilling knytt til strukturendringar, bør ei eventuell sak om dette ikkje forventast før tidlegast våren 2027.

**Alternativt vedtak:**

Heradsstyret ber om ei prinsipiell sak til administrasjonsutvalet som byggjer på punkta under *Vurdering av behov for retningsliner.* Saka vert lagt fram i løpet av 2027.

Heradsstyret røysta over alternativt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

**HST - 04/26 Vedtak**

Heradsstyret ber om ei prinsipiell sak til administrasjonsutvalet som byggjer på punkta under *Vurdering av behov for retningsliner.* Saka vert lagt fram i løpet av 2027.

## 05/26 Interpellasjon frå Iril S. Johansen og Kariann Slettemark, H - Vern av jordbruksareal, sjølvforsyning og nasjonal beredskap

**Vern av jordbruksareal, sjølvforsyning og nasjonal beredskap**

Høgre viser til rapporten frå Miljødirektoratet, «Klimatiltak i Norge 2026 – Veivalg mot 2050»,

der det mellom anna vert peika på tiltak som kan innebere ei betydeleg reduksjon i jordbruksareal, anslagsvis opp mot 30 prosent i Norge, truleg meir på Vestlandet.

Voss er ein kommune med sterke landbrukstradisjonar og viktige jordbruksressursar. Noreg har allereie i dag ei låg sjølvforsyningsgrad. Ei ytterlegare brakklegging eller utfasing av jordbruksareal vil svekkje evna vår til å produsere mat nasjonalt.

Samtidig har regjeringa nyleg oppmoda kommunane om å styrkje beredskapen og vere budde på kriser og krig. I ein slik situasjon framstår det som motstridande å leggje til rette for politikk som reduserer matproduksjonen og sjølvforsyninga i landet.

For Voss inneber dette òg konkrete konsekvensar: redusert landbruksaktivitet, svekt næringsgrunnlag og auka sårbarheit i lokalsamfunnet.

På denne bakgrunn ønskjer Høgre å stille følgjande spørsmål:
1. Vil ordføraren ta initiativ til at Voss herad sender ein tydeleg uttale til Stortinget og regjeringa om at det er uaktuelt å redusere jordbruksarealet i Noreg og på Vestlandet i tråd med dei skisserte tiltaka i rapporten frå Miljødirektoratet?
2. Korleis vurderer heradsleiinga samanhengen mellom foreslåtte klimatiltak i jordbruket og behovet for styrkt nasjonal matberedskap og sjølvforsyning?
3. Vil Voss herad arbeide aktivt for at delen av rapporten som omhandlar reduksjon i jordbruksareal og reduksjon i husdyr vert avvist på nasjonalt nivå?

Høgre meiner det er avgjerande at Voss herad tek ei tydeleg rolle i denne saka og står opp for landbruket, matproduksjonen og beredskapen i regionen og i landet i trå med vedteken nullvisjon for nedbygging av landbruksjord i heradet.

Forslag til vedtak:
Voss herad ber Stortinget og regjeringa om å avvise tiltak som inneber reduksjon av matproduksjon og jordbruksareal i Noreg, slik det er skildra i Miljødirektoratet sin rapport «Klimatiltak i Norge 2026 – Veivalg mot 2050», og understrekar behovet for å styrkje norsk matproduksjon og sjølvforsyning av omsyn til beredskap og berekraft

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Takk til Høgre for å løfta ei sak som går rett i kjernen av det som er viktig for Voss og for landet vårt: matproduksjon, jordvern og robuste lokalsamfunn. Dette er tema Voss herad har stått urokkande på i alle år opp i mot nasjonalpolitikk.

Interpellasjonen viser til Miljødirektoratet sin rapport *«Klimatiltak i Norge 2026 – Veivalg mot 2050»*. Det står ikkje i rapporten at Noreg skal redusere jordbruksarealet sitt. Det er heller ikkje lagt opp til noko politisk behandling av slike tiltak. Rapporten er eit fagleg utgreiingsarbeid, ikkje ein politisk bestilling.

Det som kan påverka produksjonsmønsteret nasjonalt, er tiltaket *«Forbruk i tråd med nasjonale kostråd»*, altså at befolkninga et litt mindre raudt kjøt. Dette tiltaket seier ingenting om å brakkleggja

jordbruksjord eller avvikla husdyrhald. Vestlandslandbruket er eigna for drøvtyggjarar og topografien vår kjem ikkje til endra seg.

Eg vil svara på spørsmåla i interpellasjonen i lys av det.

**1. Vil ordføraren ta initiativ til at Voss herad sender ein tydeleg uttale til Stortinget og regjeringa om at det er uaktuelt å redusere jordbruksarealet i Noreg og på Vestlandet i tråd med dei skisserte tiltaka i rapporten frå Miljødirektoratet?**

Voss herad har i lang tid vore krystallklar: Me aksepterer ikkje ein politikk som har som mål å redusera jordbruksareal som eit klimatiltak. Punktum.

Me har ein nullvisjon for nedbygging av matjord, og det kjem me til å stå ved. Me kjem til å seia nei til tiltak som set dette som mål uansett kva utgreiingar som måtte koma.

Dersom heradsstyret ynskjer ein formell uttale til Stortinget og regjeringa, er det heilt uproblematisk å få utarbeidd det. Samstundes må me bygga uttalen på kva rapporten faktisk seier, og ikkje seier.

**2. Korleis vurderer heradsleiinga samanhengen mellom foreslåtte klimatiltak i jordbruket og behovet for styrkt nasjonal matberedskap og sjølvforsyning?**

I Voss herad står me på eit grunnleggjande premiss: Noreg skal produsera mat på dei areala me har.

Her på Voss har me 99 prosent grasareal. Det betyr at matproduksjonen vår er avhengig av drøvtyggjarane. Me kan ikkje pløya opp fjella og dyrka korn. Me kan ikkje erstatta dette med import. Me produsere den maten som naturgrunnlaget gjev oss moglegheit til å produsera mat. Det er berekraft. Det er beredskap.

Samstundes har både NIBIO og vår eiga jordvernstrategi peikt på at Voss har høve til å auka produksjonen av poteter, grønsaker, frukt og bær. Det styrkjer matberedskapen og gjer fleire areal drivverdige. Dette gjev fleire bein å stå på, meir mat frå norske jordbruksareal, og større lokal verdiskaping.

**3. Vil Voss herad arbeide aktivt for at delen av rapporten som omhandlar reduksjon i jordbruksareal og reduksjon i husdyr vert avvist på nasjonalt nivå?**

Rapporten foreslår ikkje å redusera jordbruksarealet i Noreg. Voss herad kjem som alltid til å arbeida for:

- å halda jorda i drift,
- å styrkja husdyrhaldet,
- og å utvikla landbruket i tråd med norske naturressursar og norsk beredskap.

I Vossaklima 2030 valde me å skjerma store delar av utsleppa frå husdyrhald nettopp fordi matproduksjon er ein kjernefunksjon i samfunnet. Det har vore den førande politikken i Voss herad.

Me skal òg vera ærlege på at den største klimautfordringa knytt til kjøtforbruk er importert kjøt. Det er ikkje norske bønder som er problemet, det er dei som er løysinga.

Miljødirektoratet understrekar at matjord og sjølvforsyning må oppretthaldast, og at omstilling må skje gradvis og i takt med endra etterspurnad.

**Avslutningsvis**

Voss herad er ei landbruksbygd. Me skal halda jorda i hevd, styrkja matproduksjonen og ta vare på dei bøndene som skapar både arbeidsplassar, kulturlandskap og beredskap.

Me skal forhalda oss til kunnskapsgrunnlag med respekt, men me kjem aldri til å akseptera politikk som svekkjer norsk matberedskap eller set jordressursane våre i spel.

Dersom heradsstyret ynskjer ein formell uttale, kan me sjølvsagt utarbeida det. Men eg meiner det er viktig at me står trygt i både fagleg grunnlag og vårt eige vedtekne verdigrunnlag, som er tydeleg: Jorda skal brukast og ikkje byggjast ned.

**Alternativt vedtak:**

Ordførar utformar ein uttale som byggjer på fagleg grunnlag og vårt eige vedtekne verdigrunnlag for å stø opp om matproduksjon som byggjer på kva naturgrunnlaget gjev oss moglegheit til å produsera, berekraft og beredskap.

Heradsstyret røysta over alternativt framlegg til vedtak frå ordførar Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke.

**HST - 05/26 Vedtak**

Ordførar utformar ein uttale som byggjer på fagleg grunnlag og vårt eige vedtekne verdigrunnlag for å stø opp om matproduksjon som byggjer på kva naturgrunnlaget gjev oss moglegheit til å produsera, berekraft og beredskap.

## 06/26 Interpellasjon frå Sv og Ap v/Gry Bystøl Gladheim - Barnehagesymjing

**Barnehagesymjing**

Voss Herad har hatt symjeopplæring for alle 5-åringar i heradet dei siste 10 åra. Voss IL Symjegruppa har ordna med utdanna instruktørar, som har gjennomført opplæringa.Dette har vore eit svært inkluderande tilbod til alle born, og grunngjevinga for oppstart var mellom anna:
-auke symjedugleik tidlegare - denne har i undersøkingar vore fallande (1).
-førebyggjing av drukningsulykkker: (Handlingsplan for førebygging av drukningsulykker) (2).

I det nasjonale budsjettforliket for 2026 vart støtteordninga teke vekk som øyremerka midlar, pengane går no inngår i dei frie midlane til heradet. "På Stortinget har regjeringen kommunisert at ordningen avvikles, men at kommunene kan velge å videreføre ordningen finansiert av den økte potten med frie midler som overerført til kommunene i 2026. Det er derfor opp til hver enkelt kommune om de ønsker å videreføre svømmeopplæring for barnehagebarn."

Før vinterferien 2026 fekk Voss IL Symjegruppa beskjed om at tilbodet måtte stoppast, grunna økonomiske årsaker då støtteordninga vart avvikla.
Voss IL Symjegruppa har jobba for å få fullført kurset for dette halvåret. Det var berre 4 økter, av totalt 10, igjen i bassenget for barnehagegruppene.
Slik me skjønar det må Voss herad no uansett betale Voss IL Symjegruppa det som var avtalt, for å dekke løn til instruktørar som var engasjert for å gjennomføre kurset på 10 økter.
No har tida gått, og instruktørane skal tilbake i sine vanlege jobbar etter påske. Altså vil heradet få desse kostandene, men borna vil ikkje få fullført symjekurset sitt.

(1). (https://svomming.no/nyheter/undersokelser-om-svommedyktighet/)
(2).https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/handlingsplan-for-forebygging-av-drukningsulykk

Framlegg til vedtak
Heradsstyret ber om ei sak før sommarferien slik at politikarane kan ta stilling til om og evt. korleis ein kan få starta opp igjen prosjektet frå august 2026.
Heradstyret ber om at saka inneheld budsjett og rekneskap for prosjektet og framlegg til finansiering. Samt at saka skisserer ei organisering av prosjektet som dekker eit skuleår om gongen, slik at ein ikkje kjem i denne situasjonen igjen.

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Takk for ei viktig interpellasjon om barnehagesymjinga. Symjeopplæring tidleg i livet er eit tiltak som både styrkjer tryggleiken til borna våre og gjevdei meistring og glede i møte med vatn. Som det blir peikt på, har Voss herad gjennom mange år hatt eit godt og inkluderande samarbeid med Voss IL Symjegruppa om dette tilbodet.

Då den nasjonale støtteordninga vart avvikla i statsbudsjettet for 2026, vart midlane lagde inn i dei frie inntektene til kommunane. Heradet vart såleis stilt overfor ei ny økonomisk vurdering av tiltaket frå og med inneverande halvår. Det er med stor respekt for at både born, føresette og Voss IL Symjegruppa at heradet har arbeidd med å finna rom for å fullføra symjekurset.

Det er korrekt, slik interpellanten peikar på, at instruktørane var engasjerte for heile kurset, og at heradet difor vil måtte dekkja dei avtalte kostnadene. Det inneber at me får ei økonomisk belastning utan at alle øktene blir gjennomførte. Heradet er i dialog med Voss IL Symjegruppa om dette, og me arbeider for ei ryddig avklaring.

Eg vil avslutningsvis understreka at heradet set pris på innsatsen til Voss IL Symjegruppa og på det engasjementet som kjem frå både tilsette, foreldre og frivillige.

Eg ynskjer å stø initiativet til interpellasjonen, men ynskjer at saka skal sjåast i samanheng med omstillingsprosjektet Voss iPluss2027 og rapporten me får levert frå PwC om kort tid.

"Ikkje handsama grunna tid avsett til handsaming av interpellasjonar og grunngjevne spørsmål i tråd med reglementet."

**HST - 06/26 Vedtak**

## 05/26 Grunngjeve spørsmål frå Kariann Slettemark og Lars Tore Rogne, H, - Manglande moglegheit for bagasje og ski på rutebussar og skulebussar – konsekvensar for bruk og miljø

**Manglande moglegheit for bagasje og ski på rutebussar og skulebussar – konsekvensar for bruk og miljø**

Vi ser at dei fleste rutebussane på Voss i dag ikkje tillèt passasjerar å ta med seg bagasje eller ski. Dette gjeld òg skulebussar, der elevar som skal ha ski på skulen ikkje får høve til å ta desse med seg.

Dette fører til at mange føresette må køyre elevane til og frå skule og aktivitetar, noko som aukar bilbruken unødig. Dette er uheldig både for trafikktryggleik, framkome og ikkje minst i eit miljø- og klimaperspektiv, der ein ønskjer å redusere privatbilisme og auke bruken av kollektivtransport.

Spørsmål:
Korleis vil ordførar arbeide for å sikre at rutebussar og skulebussar i Voss i større grad legg til rette for transport av bagasje og ski, slik at fleire kan nytte kollektivtilbodet?
• Vil ordførar ta initiativ til dialog med bussoperatørar for å få på plass løysingar som skistativ eller betre bagasjeplass?
• Kva vurderingar er gjort av dei miljømessige konsekvensane av dagens ordning, der fleire må nytte privatbil?

Vi ber om at saka vert vurdert både ut frå praktiske behov for innbyggjarane og i lys av kommunen sine mål om berekraft og reduserte utslepp.

**Heradsstyret 26.03.2026**

**Handsaming**

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Takk for eit viktig spørsmål som rører både ved kvardagslogistikk for familiar i Voss og ved dei overordna måla våre om klima, berekraft og redusert bilbruk.

Det er kjent at fleire av dei nye lågentrébussane som er tekne i bruk i Vestland, ikkje har bagasjeplass. Dette har skapt utfordringar for reisande i somme delar av fylket. Fylkesordførar Jon Askeland har sjølv uttrykt forståing for frustrasjonen, og beklaga at problemstillinga framleis oppstår for reisande. Han peikar på at lågentrébussane er valde for å sikre universell utforming og betre tilgjenge for rullestolbrukarar og dei med barnevogn, men at manglande bagasjeplass no må handterast vidare. Han opplyser òg at Skyss og operatørane har hatt fleire møte for å finna løysingar på problema.

Som ordførar vil eg følgje opp denne saka på fleire måtar:

**Initiativ til dialog med fylkeskommunen**
Eg vil ta initiativ til vidare dialog med fylkeskommunen, Skyss og dei aktuelle operatørane om korleis me kan leggje betre til rette for bagasje og ski på buss. Moglege løysingar kan dreia seg om:

1. vurdering av eksterne løysingar som skistativ

2. betre utnytting av areal i bussane der det er mogleg
3. klare retningsliner for praktisk skjøn når bussen ikkje er full

Slik fylkesordførar Askeland viser til, er det allereie pågåande arbeid på regionalt nivå for å finne praktiske løysingar. Me vil knyte oss tett på dette arbeidet for å sikre at brukarane i Voss blir høyrde.

**Miljømessige vurderingar**
Når elevar og andre reisande ikkje får ta med seg ski eller bagasje, fører dette i praksis til meir privatbilisme. Dette er uheldig for både framkome, trafikktryggleik og utslepp, og står i motstrid til målsetjinga om å auke kollektivandelen. Fylkeskommunen har sjølv understreka kor viktig eit godt og funksjonelt kollektivtilbod er for å redusera klimautslepp, mellom anna i samband med utrulling av dei nye elektriske bussane i fylket.

Voss herad vil difor ta initiativ til at dei miljømessige konsekvensane av dagens praksis blir vurderte meir systematisk både lokalt og i tett dialog med fylkeskommunen.

Målet vårt er at fleire skal kunna reisa trygt, enkelt og miljøvenleg med buss, også når dei har med seg utstyr som naturleg høyrer heime i ein fjell- og friluftskommune som Voss. Eg vil difor arbeida for at denne problemstillinga blir prioritert i den vidare utviklinga av kollektivtilbodet, og at me saman med fylkeskommunen og operatørane finn praktiske og berekraftige løysingar.

"Ikkje handsama grunna tid avsett til handsaming av interpellasjonar og grunngjevne spørsmål i tråd med reglementet."

**HST - 05/26 Vedtak**